



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 34

(2003–2004)

---

Om samarbeidet i NATO i 2003



## Innhald

<b>1</b>	<b>Samandrag</b> .....	5	<b>Vedlegg</b>		
<b>2</b>	<b>Transatlantiske band</b> .....	8	1	Sluttkommuniké frå Ministermøte i Det nordatlantiske rådet i Madrid 3. juni 2003 .....	26
<b>3</b>	<b>Internasjonale operasjonar</b> .....	10	2	Felles pressemelding frå Generalsekretæren i NATO og formannskapet i EU etter Ministermøte mellom NATO og EU 3. juni 2003 .....	30
3.1	Afghanistan .....	10	3	Sluttkommuniké frå møte i Det nordatlantiske rådet ved forsvarsministrane i Brussel 12. juni 2003 .....	31
3.2	Bosnia-Hercegovina .....	11	4	Sluttkommuniké frå Ministermøte i Forsvarsplanleggingskomiteen og Den kjernefysiske planleggingsgruppa i Brussel 12. juni 2003 .....	33
3.3	Kosovo .....	12	5	Sluttkommuniké frå møte i det nordatlantiske rådet ved forsvarsministrane Brussel 1. desember 2003 .....	36
3.4	Irak .....	12	6	Sluttkommuniké frå Ministermøte i Forsvarsplanleggingskomiteen og Den kjernefysiske planleggingsgruppa i Brussel 1. desember 2003 .....	39
<b>4</b>	<b>NATO og dei nye tryggingstruslane</b>	14	7	Sluttkommuniké frå Ministermøte i Det nordatlantiske rådet i Brussel 4. desember 2003 .....	41
4.1	Internasjonal terrorisme .....	14	8	Felles pressemelding frå generalsekretæren i NATO og formannskapet i EU etter Ministermøte NATO-EU 4. desember 2003 .....	46
4.2	Spreiing av masseøydeleggingsvåpen	15			
<b>5</b>	<b>Partnarsamarbeidet</b> .....	17			
5.1	Russland .....	17			
5.2	Ukraina .....	18			
5.3	Andre partnarar .....	18			
5.4	Middelhavslanda og Midtausten .....	19			
<b>6</b>	<b>Samarbeidet mellom NATO og EU</b>	20			
<b>7</b>	<b>Militær omforming av Alliansen</b> .....	22			
7.1	NATO Response Force (NRF) .....	22			
7.2	Kommandostruktur .....	22			
7.3	Alliert militært samvirke .....	23			
<b>8</b>	<b>Vurderingar og framtidsperspektiv</b>	24			





DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 34

(2003–2004)

---

## Om samarbeidet i NATO i 2003

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 23. april 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Samandrag

Det tryggingpolitiske biletet i 2003 var framfor alt prega av vidtgåande usemje over Atlanterhavet og innanfor NATO i samband med handsaminga av Irak-krisa. Det var i første rekkje i Tryggingrådet i FN at Irak-spørsmålet vart drøfta. Tryggingrådet var dermed også hovudarena for den transatlantiske spliden vi var vitne til. Mens amerikanarar og britar gjekk inn for ein ny FN-resolusjon som gav eit klart mandat til bruk av makt i Irak, gjekk særleg Frankrike og Tyskland, med støtte frå fleire av dei valde medlemmene av Tryggingrådet, sterkt imot. Eit sentralt spørsmål var om våpeninspektørane FN hadde sendt til landet, skulle få meir tid til å avdekkje det ein meinte at Irak hadde av program for masseøydeleggingsvåpen. På norsk side var haldninga klar. Ein støtta konsekvent FN sin strategi for ei avvæpning av Irak og gjekk inn for at FN-inspektørane skulle få halde fram med arbeidet sitt. Ein meinte at det ikke lå føre tilstrekkeleg folkerettsleg grunnlag for å gå til ein militær aksjon mot Irak. Eit nytt vedtak om dette i Tryggingrådet ville være naudsynt.

Dei norske militære bidraga til stabiliseringa av Irak har heile tida vore i samsvar med tryggingrådsresolusjon 1483 av 22. mai 2003. Bidraga er av ein slik karakter at dei folkerettsleg ikkje

medfører at Noreg får status som okkupasjonsmakt. Premissane for dei norske bidraga er òg komne klart til uttrykk i avtaleverket som ligg til grunn for deltakinga i britisk og polsk ansvarsområde.

Spliden i Irak-spørsmålet skapte stor forbitring både på europeisk og amerikansk side. Usemja fekk òg mykje å seie for arbeidet i NATO, noko som blant anna kom til syne under drøftingane av allierte defensive tiltak til støtte for Tyrkia. Dette spørsmålet sette samholdet mellom dei allierte og sjølve tiltrua til NATO på ein alvorleg prøve. Med norske auge var striden om Tyrkia alvorleg nettopp fordi enkelte av medlemslanda ikkje fann å vilje støtte opp om ein alliert som bad om hjelp.

Motsetningane mellom dei allierte som kom til syne under Irak-konflikten, dreia seg til sjuande og sist om ulike oppfatningar av korleis internasjonale tryggingpolitiske spørsmål bør handterast. Det er ikkje noko nytt at det er ulikt syn mellom USA og enkelte av dei europeiske landa når det gjeld haldninga til internasjonalt samarbeid, til bruk av enkeltståande koalisjonar av villige og til aleinegang eller bruk av multilaterale fora, til grad av tolmod i internasjonale forhandlingar og til rollene til FN, Tryggingrådet og NATO. Eit stadig vek-

sande gap i evne og vilje til å utvikle militære kapasitetar som kan setjast inn i kriseområde, er heller ikkje noka ny transatlantisk bekymring. Desse underliggjande problemområda er då heller ikkje borte no, sjølv om Irak-spørsmålet er komme over i eit anna leie. Dette er ikkje noko nytt, men alvorlegare no på grunn av ein annan internasjonal strategisk situasjon.

Det transatlantiske ordsiftet er likevel klart betra i løpet av dei siste månadene. Ikkje minst har samarbeidet i NATO utvikla seg positivt, noko som blei understreka under utanriks- og forsvarsministermøta i desember. Det som vil vere viktig i tida framover, og som vi frå norsk side legg stor vekt på, er å overvinna forskjellane i syn mellom USA og dei ulike europeiske landa gjennom dialog. Truleg må ein framleis leve med ulike strategiske vurderingar innan Alliansen, men utnytte betre dei eksisterande mekanismar, særleg dialog og konsultasjon, som gjer at vi unngår ei tilspissing lik den vi så i 2003. Erfaring gjennom tiår har vist at dei allierte godt kan einast om kraftfull samhandling sjølv om dei prinsipielle utgangspunkta er ulike. Og ein samla og godt koordinert innsats frå det internasjonale samfunnet er i dag meir naudsynt enn nokon gong for å møte truslane vi står overfor.

Ein samla innsats og tett internasjonalt samarbeid er heilt nødvendig for å løyse dei oppgåvene vi står overfor i Afghanistan, i Bosnia-Hercegovina, i Kosovo og i Irak. Størstedelen av vår deltaking i internasjonale operasjonar i 2004 vil vere knytt til Afghanistan, Kosovo og Irak. I Afghanistan vil vi bidra til den NATO-leidde internasjonale stabiliseringsstyrken i landet, ISAF, og til dei regionale stabiliseringslaga som blir etablerte ettersom ISAF vert utvida. I Kosovo er vi framleis med i KFOR. I Irak deltek vi med eit ingeniørkompani fram til 1. juli i år. Eventuell militær deltaking utover dette vil ein måtte komme tilbake til, vurdert opp mot utviklinga i landet, kva slags rolle FN får og ei eventuell utvida rolle for NATO.

Eit godt og nært forhold mellom EU og NATO er viktig for å bevare eit aktivt amerikansk engasjement i Europa med NATO som det sentrale tryggingspolitiske forumet. Difor er det positivt at EU no tek eit større ansvar for krisehandtering i Europa. Også frå norsk hald ser ein det som naturleg at EU no tek over etter den militære NATO-operasjonen i Bosnia. Det som er viktig, både for oss og for fleire andre allierte, er at samarbeidet mellom EU og NATO byggjer på eit ope partnerskap. Dette ligg til grunn for det rammeverket for krisehandtering som EU og NATO vart samde om i mars, og som inneber at NATO kan støtte opp om krisehandteringsoperasjonar utførte av EU. Eit ope

samarbeid og høve til deltaking for allierte utanfor EU er viktig for Noreg, både i planlegginga og gjennomføringa av ein operasjon.

Når Alliansen 29.mars vart utvida med sju nye medlemmer, og EU i mai vert utvida med ti nye medlemmer, tek ein eit langt skritt vidare mot eit heilt og fritt Europa. Noreg var det første landet som ratifiserte tiltredingsprotokollane med parlamentsbehandling. Frå norsk side har ein ytt støtte til førebuingssarbeidet i dei inviterte landa. Mange av dei har framleis eit stykke igjen når det gjeld reformer og modernisering, ikkje minst på forsvarspolitisk og militær side. Det vil vere viktig både for landa sjølve og for Alliansen at dei nye medlemslanda følgjer opp dei forpliktingar dei har teke på seg, og at dei arbeider vidare med reformer også etter at dei blir medlemmer av Alliansen.

Samarbeidet i NATO-Russland-rådet (NRC) har utvikla seg i positiv retning. Det er framleis eit stykke igjen til rådet fyller dei forventningane ein hadde på alliert side då det vart oppretta i 2002. Men det synest som om Russland støttar meir aktivt opp om samarbeidet enn før. Ei rekkje konkrete prosjekt er sette ut i livet for å samordne tilnærminga til felles tryggingspolitiske utfordringar. På det militære området har ein retta arbeidet inn mot å styrkje evna til militært samvirke. Men NRC står framleis overfor store utfordringar – særleg på den politiske sida. Som følgje av utvidinga av Alliansen vil partnarsamarbeidet måtte leggjast ytterlegare om. Dei gjenverande partnerlanda vil bli færre og meir ulike innbyrdes. Dette skaper behov for ytterlegare tilpassing av partnarsamarbeidet til det enkelte land. Alliansen er også i ferd med å leggje større vekt på kampen mot internasjonal terrorisme og spreiding av masseødeleggingsvåpen i samarbeidet med partnerane. Det vil bli fokusert sterkare på landa i Sentral-Asia og Kaukasus. Frå norsk side har ein samstundes teke til orde for styrkt samarbeid med dei vesteuropeiske partnerlanda, med Sverige og Finland i spissen. Desse landa har mykje å bidra med både i forhold til andre partnerland og i forhold til krisehandteringsoperasjonane i Alliansen.

NATO har i løpet av 2003 gjennomgått store endringar, både når det gjeld si eiga militære organisering, nye operasjonar og samarbeidet med andre organisasjonar. Bakgrunnen er ei rad nye utfordringar i samband med internasjonal terrorisme, spreiding av masseødeleggingsvåpen og område prega av politisk oppløysing. Den nye kommandostrukturen er enklare og betre tilpassa dagens oppgåver. Reaksjonsstyrken NATO Response Force (NRF) er under etablering. Denne er allereie førebels operativ, og vil vere fullt operativ i

2006. Arbeidet med styrkte militære forsvarsevner held fram i tråd med vedtaka frå Praha-toppmøtet i 2002. Samla sett er ein på denne måten i ferd med å gjere Alliansen godt i stand til å handtere dei oppgåvene vi står overfor, anten det er i Europa, i Afghanistan eller andre stader.

## 2 Transatlantiske band

Irak-spørsmålet førte til store spenningar mellom medlemmene i NATO. Europeiske land var splitta seg imellom. Men størst merksemd og bekymring vekte motsetningane over Atlanterhavet. Usemje over Atlanterhavet er langt frå noko nytt, men situasjonen i 2003 var ny, og motsetningane over Atlanterhavet var fleire og stakk djupare. Den umiddelbare årsaka til spliden var handsaminga av Irak-spørsmålet. Amerikanarane ønskte å stille Saddam Hussein til ansvar, om nødvendig med makt, for brot på ei rekkje FN-resolusjonar retta mot landet. Sentralt i dette stod uvissa om Iraks program for masseøydeleggingsvåpen og manglande irakiske svar på viktige spørsmål fra FN i samband med dette. USA fekk støtte frå europeiske allierte som Storbritannia, Spania, Italia og Polen. Ei rekkje av dei landa som var inviterte til å bli medlemmer i Alliansen, støtta også opp om den amerikanske linja.

Fleire andre europeiske allierte, med Frankrike og Tyskland i spissen, var sterkt imot denne linja. Tyskland sa endå klart frå om at dei ikkje ville støtte opp om væpna åtak mot Irak sjølv om Tryggingsrådet skulle fatte vedtak om å oppfordre medlemslanda til slik støtte. Også Frankrike gav i mars uttrykk for at dei ikkje på noko vilkår ville støtte ein resolusjon i Tryggingsrådet som gav mandat til bruk av makt mot Irak.

Spliden om Irak skapte stor forbitring både på europeisk og amerikansk side, og spela òg ei rolle under drøftingane i NATO om støtte til defensive tiltak overfor Tyrkia. Irak-krisa sette samholdet mellom dei allierte på ein alvorleg prøve. Mens dei fleste allierte støtta eit forslag frå generalsekretæren om å byrje beredskapsplanlegging for forsvar av Tyrkia i lys av situasjonen i Irak, gjekk Frankrike, Tyskland, Belgia og Luxembourg imot. Dei fire landa meinte at slik planlegging kunne bli oppfatta i den lei at Alliansen budde seg på krig, og meinte at dette kunne ha negativ innverknad på arbeidet for ei fredelig løysning i FN. Frå norsk side og frå ei rekkje andre allierte blei det vist til at det ikkje var nokon motsetnad mellom kva som skjedde i Tryggingsrådet og kva NATO sette i verk av defensive tiltak. Eit anna viktig omsyn var ønsket om og plikta til å vise solidaritet med ein alliert.

Sjølv etter lange og vanskelege konsultasjonar lukkast det ikkje Rådet i NATO å bli samde om å setje i verk desse beredskapstiltaka. Dette var bakgrunnen for at Tyrkia 10. februar bad om formelle konsultasjonar etter artikkel 4 i Atlanterhavspakta, som gjeld situasjonar der ein alliert meiner at den territoriale integriteten, det politiske sjølvstendet eller tryggleiken til landet er trua. Eit nytt forslag vart då lagt fram som utelukkande omhandla tiltak som skulle styrkje Tyrkia defensivt.

Etter kvart som drøftingane drog ut, og ikkje minst etter den formelle førespurnaden frå Tyrkia, blei tonen i NATO skarpare. Saka utvikla seg – ikkje minst i media – frå å vere eit spørsmål om bistand til beredskapen i Tyrkia til å bli eit spørsmål om samholdet mellom dei allierte og truverdet til Alliansen. Det lukkast til slutt å oppnå semje om saka i Forsvarsplanleggingskomiteen (DPC), der Frankrike ikkje deltek. Løysninga var altså at Tyskland, Belgia og Luxembourg til slutt gav opp motstanden mot planlegging for forsvar av Tyrkia, medan Frankrike aksepterte at vedtaket om dette vart gjort i ein komité der landet ikkje deltok.

Ikkje lenge etter held Frankrike, Tyskland, Belgia og Luxemburg eit toppmøte der dei tok til orde for etablering av eit eige militært hovudkvarter for EU, noko som òg fekk verknader for det transatlantiske samarbeidet. I og med spliden som nett hadde vore om Irak og semja om eit rammeverk for krisehandtering som nett var oppnådd mellom NATO og EU, vart dette toppmøtet teke nokså ille opp på amerikansk hald. Dette blei tolka slik at desse landa ønskte at EU skulle føre ein trygging- og forsvarspolitikkk frikopla frå NATO. Også fleire EU-land vart overraska over dette utspelet.

Striden om støtte til Tyrkia og om tilhøvet mellom EU og NATO i samband med krisehandtering var ei stor belastning for NATO og prega arbeidet i Alliansen gjennom heile året. På norsk hald vart striden om Tyrkia oppfatta som alvorleg fordi han synta at enkelte medlemmer av Alliansen av politiske grunnar ikkje fann å vilje styrkje beredskapen til ein alliert sjølv om landet bad om slik støtte. Men først og fremst var spliden i Alliansen uttrykk for ei djupare usemje over Atlanterhavet, ei usemje



som dreia seg om Irak, men som òg hadde djupare årsaker.

Denne underliggjande usemja skuldast mellom anna at verdssynet til USA og dei europeiske landa ikkje heilt har halde følgje. Bortfallet av ein felles trussel etter den kalde krigen er nok ei forklaring. Men det er òg verdt å minne om dei særskildt djuptgåande verknadene terroråtakene mot USA 11. september 2001 hadde på amerikansk tenkjemåte og politikk, mellom anna når det gjeld synet på internasjonalt samarbeid. Sidan dette hende, har vi vore vitne til ei langt meir pågåande amerikansk tilnærming enn før i internasjonale fora, ei tilnærming som for europeiske land somme tider kan verke konfronterande. Amerikanarane syner òg større vilje enn før til å gjere ting sjølve framfor å bruke multilaterale forhandlingar som kan dra ut i tid. Eit multilateralt rammeverk med klare spelereglar gjev derimot gjerne små land som Noreg større evne til å påverke politiske utfall. Faren for at legitime interesser i andre land ikkje blir høyrde eller tekne omsyn til, er alltid til stades når stormaktene i større grad vel unilaterale tilnærmingssmåtar.

Når det gjeld NATO, har ein sett med bekymring på at USA i tryggingspolitikken i større grad enn før har gjort bruk av enkeltståande koalisjonar av villige land, noko som på ein gong gjev USA større kontroll og meir fridom. Dette heng saman med ei utvikling i dei storpolitiske maktforholda som gjer at USA har mindre behov enn før for føreseielege allianseforhold og kan oppleve internasjonale rammeverk som stengsler for eigen handlefridom. Samtidig vert trugsmåla mot landet oppfatta som meir uføreseielege. Ei utvikling der USA gong på gong har etterlyst større europeisk vilje til auka investeringar i reelle militære forsvarsevner som er tilpassa truslane i vår eiga tid, er òg ein del av dette biletet. Men det er ein fare at auka bruk av ad-hoc-koalisjonar kan redusere

NATO til eit verktøy som amerikanarane kan bruke når dei måtte ha behov for styrkar som kan operere saman med deira egne.

Dette er ei utvikling Noreg ikkje vil vere tent med. Vi treng eit aktivt og engasjert USA i NATO. Vi treng opne drøftingar og eit reelt samarbeid mellom USA og Europa for å møte dei tryggingspolitiske utfordringane som ligg i internasjonal terrorisme og spreiding av masseødeleggingsvåpen på ein effektiv og god måte. Ei ny arbeidsdeling mellom NATO og EU er etter norsk syn ein viktig føresetnad for å bevare eit aktivt amerikansk engasjement i Europa. Noreg meiner at det nye samarbeidet mellom NATO og EU må tuftast på fortsatt tette transatlantiske band og amerikansk nærver i Europa. Ein må unngå at EU eller dei einskilte EU-landa lèt den direkte kontakten med USA gå framom kontaktane innanfor Alliansen. Ei marginalisering av NATO som forum for konsultasjonar og samarbeid vil vere til skade for norsk tryggleik. For å unngå dette må Alliansen framleis vere relevant og attraktiv også for amerikanarane. Her spelar Alliansen som politisk rammeverk og bidragsyter til internasjonal krisehandtering ei stor rolle.

Når stats- og regjeringssjefane i NATO møttest i Istanbul i slutten av juni 2004, vil dei gjere opp status for samarbeidet i Alliansen og peike ut retninga framover. Dei viktigaste sakene vil vere det vidare engasjementet i Afghanistan, utviklinga på Balkan og forholdet til EU, spørsmålet om ei utvida NATO-rolle i Irak, samarbeidet mellom NATO og landa i Midtausten og partnarsamarbeidet og forholdet til Russland. Frå norsk side legg vi stor vekt på at Afghanistan skal vere ein hovudprioritet. NATO har her teke på seg eit stort ansvar, og det vil vere viktig for utviklinga både i Afghanistan og i regionen, for den globale tryggleiken og for truverdet til NATO at Alliansen lukkast i å medverke til å stabilisere landet.

### 3 Internasjonale operasjonar

NATO leier i dag internasjonale operasjonar i Afghanistan, Bosnia-Hercegovina og Kosovo. Dette er krevjande engasjement der Alliansen har eit stort ansvar for stabilitet og tryggleik som igjen vil leggje grunnlaget for ei fredeleg politisk utvikling. I alle desse operasjonane deltek også store styrkar frå partnerland og andre tredjeland, noko som i seg sjølv viser verdien av partnersamarbeidet for Alliansen. I tillegg til desse NATO-leidde operasjonane yter Alliansen også støtte til den polske sektoren i Irak, i hovudsak innanfor kommunikasjon og logistikk. NATO leier også ein maritim patruljeringsoperasjon i Middelhavet, som ledd i førebygging av internasjonal terrorisme.

#### 3.1 Afghanistan

NATO si avgjerd om å engasjere seg i Afghanistan førte for første gong Alliansen ut i eit militært oppdrag utanfor Europa. Det var brei alliert semje om at denne avgjerda, som òg vart støtta aktivt på afghansk hald. Grunnlaget for avgjerda blei lagt under utanriksministermøtet i Reykjavik i juni 2002, då ministrane vedtok at ein måtte kunne møte truslar der dei måtte oppstå, utan geografiske grenser. Det er viktig å erkjenne at når NATO først har teke eit ansvar i Afghanistan, inneber dette eit langsiktig engasjement.

Større tryggleik er eit avgjerande vilkår for ei positiv politisk og økonomisk utvikling i Afghanistan. Dette er i tråd med tidlegare erfaringar, mellom anna frå Balkan. Det internasjonale engasjementet i den internasjonale styrken for stabilisering i Afghanistan (ISAF) har vist seg å vere heilt sentralt for å støtte overgangsregjeringa og det internasjonale bistandsarbeidet.

Den politiske bakgrunnen for avgjerda i NATO 16. april 2003 om å ta på seg ei leiroll for ISAF-styrken i Afghanistan er skildra ovanfor. Engasjementet i Afghanistan demonstrerte at NATO trass i all usemje var i stand til å samle seg om felles mål og ei krevjande ny oppgåve som stod heilt sentralt for å møte dei nye felles truslane mot Alliansen.

Samstundes var visse føresetnader på plass som letta denne avgjerda. Eit viktig moment var at

ISAF-operasjonen hadde eit klart FN-mandat. ISAF blei etablert i desember 2001 ved tryggingrådsresolusjon 1386. Hovudmålsetjinga med ISAF var å etablere tryggleik og leggje forholda til rette for befolkninga slik at det skulle bli mogeleg å velje ei representativ regjering. Gjennom at NATO tok over strategisk kommando, kontroll og koordinering av ISAF, håpa ein å sikre større stabilitet og kontinuitet i gjenoppbyggingsarbeidet. Samstundes håpa ein dette ville gjere at fleire mindre land skulle sjå seg i stand til å bidra med troppar til den multilaterale styrken. Dette har då også vore tilfelle. Ved slutten av 2003 talde ISAF totalt over 5500 personar frå meir enn 30 NATO- og partnerland.

ISAF medverkar til tryggleik på fleire måtar; direkte gjennom vakthald og patruljering, der soldatar frå ISAF og det som etter kvart vil bli ein eigen afghansk hær, utfører felles patruljering i Kabul, og indirekte gjennom trening av denne hæren og eit eige nasjonalt politi. ISAF vidarefører dessutan mindre sivil-militære prosjekt innan infrastruktur, skular, vassforsyning, helse og jordbruk.

Noreg har ytt bidrag til ISAF heilt sidan styrken blei oppretta. I 2003 bidrog vi med i overkant av 300 personell i form av ei sivil-militær samarbeidseining (CIMIC), ei kirurgisk eining og eit mekanisert vakt- og sikringskompani. Dette gjer Noreg til den sjetteste største bidragsytaren til ISAF etter Tyskland, Canada, Frankrike, Italia og Storbritannia. Vakt- og sikringskompaniet hadde som hurtigreaksjonsstyrke til oppgåve å tryggje delegatane i det nasjonale rådet (Loya Jirga) i samband med utforminga av ny grunnlov i perioden desember 2003 til januar 2004.

Vidare har Noreg ytt sivile bidrag til opplæringa av det afghanske politiet gjennom det tyske politiprojektet i Kabul. Vårt bidrag vart retta inn mot opplæring i menneskerettar og bygging av eit hovudkvarter for det afghanske grensepolitiet. Arbeidet med opplæring av det afghanske politiet vert vidareført frå norsk side i 2004.

Noreg har òg vore ein dominerande aktør på bistandsområdet. Vårt langsiktige engasjement i Afghanistan vart stadfesta då landet vart utpeika som utviklingspolitisk samarbeidsland i 2004.

Alt før NATO faktisk tok på seg leiinga av ISAF

frå 11.august 2003, hadde mange peika på at ei utviding av engasjementet frå Kabul og omegn til resten av landet ville bli naudsynt. Overgangsregjeringa hadde liten reell kontroll ut over Kabul. Den sterke stillinga til dei lokale leiarane og regionale krigsherrane var ei viktig forklaring. For å få til ei stabilisering av heile landet kunne ein difor ikkje avgrense det militære nærværet til Kabul. Både afghanske styresmakter og FN støtta ei utviding av mandatet til ISAF. Samstundes var det heilt klart at Alliansen ikkje ville makte å skaffe fram tilstrekkelege styrkar til å etablere eit tungt militært nærvær over heile landet.

NATO vedtok difor å utplassere såkalla regionale stabiliseringslag (Provincial Reconstruction Teams -PRT) som gradvis vil dekkje heile landet. I januar 2004 vart det første PRT-laget i ISAF-regi etablert i Kunduz nord for Kabul under tysk leiing. PRT-laga har som hovudoppgåve å skape tryggleik, som er ein føresetnad både for utviding av sentralmakta og økonomisk gjenreising. Målsetjinga er at ISAF i løpet av 2004 både skal opprette ei rekkje nye PRT-lag og overta ansvaret for nokre av dei eksisterande. Det er særskilt viktig å få flest moglege PRT-lag på plass i løpet av dei næraste månadenes slik at dei kan bidra til å støtte opp under dei planlagde vala i landet. Noreg vil bidra gjennom deltaking i eit britisk-leidd PRT-lag i det nordvestlege Afghanistan.

Det er brei semje i Alliansen om at afghanarane sjølve må ta leiinga i gjenoppbygginga av landet. NATO si oppgåve må vere å betre tryggingssituasjonen og slik støtte opp om den politiske og økonomiske gjenreisinga. Eit avgjerande vilkår for å kunne lukkast er tilstrekkeleg politisk vilje blant dei allierte til å yte dei bidrag som trengst, ikkje berre til ISAF, men òg til andre sektorar som har betydning for tryggleiken i landet, slik som politiopplæring, justissektoren og kampen mot narkotika. Likeins må det ytast tilstrekkeleg utviklingsbistand til støtte for sentralregjeringa slik at ein sikrar afghansk eigarskap til reformprosessane. Noreg legg stor vekt på eit tettare samarbeid mellom dei internasjonale aktørane i Afghanistan og på overføring av ansvar til dei nasjonale styresmakterne så raskt som råd er.

### 3.2 Bosnia-Hercegovina

Situasjonen i Bosnia-Hercegovina er forholdsvis roleg i dag, men sårbar. På den sivile sida har det vore framsteg i arbeidet med å utvikle fungerande institusjonar, retur av flyktingar og gjenoppbygging. Rivalisering mellom ulike etniske grupper,

kriminalitet og manglande økonomiske framsteg er likevel klare utfordringar for den unge staten. Mykje står att før ein kan tale om ein berekraftig fredsprosess. Dei største utfordringane er framleis retur av fordrivne personar til område der dei er i mindretal, ytterlegare reduksjonar i dei væpna styrkane i dei ulike geografiske einingane, auka effektivitet innanfor alle felles institusjonar, overføring av mistenkte krigsforbrytarar til domstolen i Haag, kamp mot korrupsjon og organisert kriminalitet, reformer innanfor rettsvesen og politi og økonomisk reform.

Det er lagt opp til at EU innan utgangen av 2004 skal ta over den militære operasjonen NATO leier i Bosnia-Hercegovina. Ei endeleg avgjerd om overføring vil etter alt å dømme bli teken når stats- og regjeringssjefane i NATO møtest i Istanbul i slutten av juni 2004. Etersom situasjonen i Bosnia-Hercegovina framleis er sårbar, vert det lagt opp til at EU-styrken vil vere like stor som SFOR-styrken, rundt 7000 militære. EU har i tillegg ein internasjonal politimisjon i Bosnia-Hercegovina (EUPM) som òg vil halde fram. Blant dei totalt 900 tilsette i EUPM er det 500 politifolk frå EU-landa og tredjeland.

Frå norsk side er ein positiv til at EU får ei militær rolle i Bosnia-Hercegovina. Vi ser det som svært viktig at overføringa til EU vert godt planlagt slik at det ikkje vert skapt uklare situasjonar under overføringa av ansvaret som kan svekke tryggleiken i landet. Vi legg difor stor vekt på gode kontakt- og samarbeidsordningar mellom EU og NATO. Vi har erfaring med overføring av ein NATO-operasjon til EU gjennom etableringa av Operasjon Concordia i Makedonia i mars 2003, og legg stor vekt på at vi denne gongen får betre tilgang til informasjon i den tidlege fasen av planlegginga.

Sjølv om EU tek over stabiliseringsoppgåvene i Bosnia-Hercegovina, vil NATO framleis ha eit militært nærvær i landet. For det første vil NATO hjelpe til med forsvarsreform og andre oppgåver som kan førebu Bosnia-Hercegovina på eit tettare samarbeid med NATO og eit framtidig Pfp-medlemskap. For det andre ligg det an til at NATO tek på seg enkelte oppgåver innan kampen mot internasjonal terrorisme og jakta på krigsforbrytarar. Innan toppmøtet i Istanbul vil ein ha fått klarare for seg kva type oppgåver NATO vil utføre i Bosnia-Hercegovina etter EU-overtakinga.

Noreg har i dag tre offiserar i SFOR. Noreg har òg stilt med sju politimenn og ein sivil politisk rådgjevar til EUPM. Frå norsk side tek vi sikte på å yte eit bidrag også til oppføljaroperasjonen i EU-regi. Noreg stillar òg med fire politifolk til EU-

operasjonen i Makedonia (Proxima). Dei norske bidraga er eit klart signal om norsk vilje til å støtte opp om ei auka rolle for EU i europeisk tryggingpolitikk.

### 3.3 Kosovo

Hovudoppgåva for den NATO-leidde internasjonale fredsstyrken i Kosovo (KFOR) er framleis stabilisering og assistanse til FN-administrasjonen UNMIK. Etnisk motiverte draps- og valdshandlingar blussa opp i 2003. Den organiserte kriminaliteten, med smugling av narkotika, våpen og menneske, er svært omfattande og utgjør truleg den største trusselen mot tryggleiken i området. UNMIK og KFOR har gjort framsteg i det sivil-militære samarbeidet, og står no betre rusta i kampen mot desse utfordringane. Men det vil trengast eit større internasjonalt engasjement med vekt på etterretning og politioperasjonar for å stagge og reversere framveksten av organisert kriminalitet. Dette er ikkje berre eit problem i Kosovo. Nettverka av organisert kriminalitet har også fått fotfeste i andre europeiske land.

FN-administrasjonen i provinsen, UNMIK, har avgrensa evne til sjølv å kontrollere vald og kriminalitet. Trass i at ein har fått ned spenningsnivået sidan 1999, vil det ta tid å skape eit klima i provinsen der dei ulike befolkningsgruppene kan leve og arbeide fredeleg saman mot felles mål. KFOR-nærværet vil i tida framover stadig vere heilt nødvendig for å skape den ro og stabilitet som Kosovo treng.

I oktober 2003 møttest dei politiske leiarane i Beograd og Pristina for første gong sidan 1999 til direkte samtaler i Wien. Den nye leiaren for UNMIK, den tidlegare finske statsministeren Harri Holkeri, la stor vekt på at dialogen mellom dei to partane kom i gang. Møtet var starten på ein prosess med sikte på å finne fram til praktiske løysningar for samarbeid for å kunne møte dei felles utfordringane.

Framgangen til nasjonalistpartia i Serbia under parlamentsvalet i desember gjev likevel eit varsel om ei uviss framtid for dialogen mellom serbarar og Kosovo-albanarar. Politikken til den nye serbiske regjeringa overfor Pristina vil måtte følgjast nøye. Dei kosovoalbanske politikarane legg stort press på UNMIK for å oppnå sjølvstende. FN og Holkeri på si side held fast på at standardar for lokalt styre og administrasjon, slik dei er nedfelte i Kosovo Standards Implementation Plan frå 2003, må gjennomførast før ein kan byrje å diskutere ei eventuell nyordning for provinsen. Vala til provins-

forsamling i Kosovo hausten 2004 vil gje ein indikasjon på kor langt provinsen har komme i høve til desse standardane.

I midten av mars blei Kosovo på ny ramma av omfattande uro. Valdshandlingane var primært retta mot etniske serbarar. Opptøya var eit alvorleg tilbakeslag for det internasjonale arbeidet med å sikre eit multi-etnisk samfunn i Kosovo. I NATO har ein sett i gang eit arbeid for å klargjere forholda kring opptøyane og konsekvensane for KFOR-operasjonen.

Frå omlag 28 000 soldatar i 2002 vart KFOR-styrken i 2003 redusert til knappe 17 000. Ytterlegare nedtrapping i løpet av 2004 vil bli vurdert. Frå norsk side har vi peika på at ei nedtrapping må skje i takt med ei betring av tryggleiken i operasjonsområdet, og ikkje tvingast fram før situasjonen tillet det. KFOR-styrken er breitt samansett med troppar frå eit trettital allierte, partnerland og andre samarbeidsland. Personellet frå ikkje-allierte land utgjør knapt 20 prosent av den totale styrken.

Den norske kontingenten i KFOR i 2003 var med eit personell på om lag 520 blant dei største sett i forhold til folketal og militære ressursar. Hovudbidraget har vore ein bataljon på om lag 450 soldatar, som er ein del av den fleirnasjonale brigaden i det sentrale Kosovo.

### 3.4 Irak

Handsaminga av Irak-krisa i 2003 vart i første rekke drøfta i Tryggingrådet i FN, men også i NATO. Frå Regjeringa si side la ein heile tida til grunn at den einaste sikre måten å få avklara spørsmålet om irakiske masseødeleggingsvåpen på, var gjennom uhilda og kontrollerbare undersøkingar i Irak.

Som medlem av Tryggingrådet støtta difor Noreg hausten 2002 vedtakinga av rådets bindande resolusjon 1441. I resolusjonen blei det m.a. kravd at Irak innan 30 dagar skulle skaffe våpeninspektørane frå FN ei fullstendig oversikt over alle sider ved irakiske program for å utvikle masseødeleggingsvåpen. Inspektørane, eller UNMOVIC, som dei vart kalla, skulle i samarbeid med Det internasjonale atomenergibyrået, IAEA, få full og uhindra tilgang til å inspisere at opplysningane frå det irakiske regimet var rette.

Tryggingrådet var av den oppfatning at slike inspeksjonar var nødvendige, sidan uvissa om irakiske program for masseødeleggingsvåpen i seg sjølv utgjorde ein alvorleg trussel mot freden og tryggleiken i regionen.

Resolusjon 1441 gav Irak eit siste høve til å

avklare spørsmålet om masseøydeleggingsvåpen og å få avskaffa slike våpen utan bruk av militær makt. Med dette samrøystes og bindande vedtaket etablerte Tryggingsrådet ein strategi for fredeleg nedrusting av Irak.

UNMOVIC-rapportane til Tryggingsrådet viste at det irakiske regimet ikkje samarbeidde «straks, atterhaldslaust og aktivt» med inspektørane, slik resolusjon 1441 kravde. Dei viste vidare at Irak hadde leveringsmiddel for masseøydeleggingsvåpen med ei rekkevidd utover den grensa som var sett av FN. Dei viste òg at Irak ikkje hadde gjort fullstendig greie for kva som var skjedd med dei biologiske og kjemiske våpna som ein veit landet hadde på 1990-talet.

Denne uvissa med omsyn til ulovlege våpen og våpenprogram og dei mange andre uavklara spørsmåla var bakgrunnen for at UNMOVIC-leiar Hans Blix i si utgreiing for Tryggingsrådet i FN i januar 2003 tilrådde at inspeksjonane skulle halde fram. Dessverre kunne ikkje Tryggingsrådet einast om dette. Men det var inga usemje mellom dei faste rådsmedlemmene om at Irak hadde gjort seg skuldig i grove brot på pliktene sine etter vedtaka i rådet. Usemja gjaldt vegen vidare, dvs. om inspektørane skulle få meir tid.

Regjeringa hadde ei klar og tydeleg oppfatning i dei to nøkkelspørsmåla det internasjonale samfunnet stod overfor på det tidspunktet:

- Ein gjekk inn for at Hans Blix og våpeninspektørane hans skulle få halde fram med arbeidet sitt.
- Regjeringa meinte at det ikkje låg føre tilstrekkeleg folkerettsleg grunnlag til å gå til militær aksjon mot Irak. Eit nytt vedtak om dette i Tryggingsrådet ville vere nødvendig.

Den norske militære deltakinga i den internasjonale stabiliseringsstyrken i Irak består av to komponentar: eit ingeniørkompani utvida med mine- og eksplosivryddarar i det britiske ansvarsområdet, og eit mindre tal stabsoffiserar i den polskleide divisjonen.

Dei norske militære bidraga til stabiliseringa av Irak har heile tida vore i samsvar med tryggingsrådsresolusjon 1483 av 22. mai 2003. Bidraga er av ein slik karakter at dei folkerettsleg ikkje medfører at Noreg får status som okkupasjonsmakt. Premissane for dei norske bidraga er òg komne klart til uttrykk i avtaleverket som ligg til grunn for deltakinga i britisk og polsk ansvarsområde.

Tryggingsrådet i FN vedtok 16. oktober 2003 ein resolusjon til, 1511, om situasjonen i Irak. Sjølv om det tidlegare allereie låg føre eit klart folke-

rettsleg grunnlag for norske bidrag til stabilisering av Irak, må ein no ta utgangspunkt i situasjonen slik han er definert i resolusjon 1511. Denne slår fast at ein forsterka internasjonal militær og politifagleg innsats er avgjerande for å vareta stabiliteten og tryggleiken i Irak, slik at ein kan få lagt det nødvendige grunnlaget for framtidig irakisk sjølvstyre og tryggje FN-aktivitetane i landet. Resolusjonen inneheld dessutan ein autorisasjon til nødvendig maktbruk for å sikre stabilitet og tryggleik i Irak. Dermed er det òg skapt eit folkerettsleg grunnlag for eit breiare spekter av internasjonale militære bidrag.

NATO-rådet vedtok 21.mai 2003 å etterkomme førespurnaden frå Polen om støtte frå Alliansen i samband med at landet tok over leiinga av den eine av fem sektorar i Irak. Dei militære styresmaktene i Alliansen fekk i oppgåve å samarbeide nært med polakkane for å klargjere kva slags behov dei hadde. Resultatet vart at NATO støtta Polen med styrkegenerering og planlegging fram mot overtakinga og med å byggje opp eit strategisk samband.

Ein føresetnad for støtta var at NATO ikkje skulle verte direkte engasjert i Irak, men hjelpe Polen der allierte fellesressursar kunne gje eit viktig bidrag til den polske innsatsen. Hjelpa frå NATO var av teknisk karakter og avgrensa til utplasseringa av det polske hovudkvarteret. NATO er i seg sjølv ikkje engasjert i felt. Alliansen har sagt seg villig til å ta opp spørsmålet om tilsvarande støtte dersom det skulle bli aktuelt for eit anna alliert land å be om dette.

Det internasjonale samfunnet står overfor store utfordringar i Irak. Utviklinga i landet vil få konsekvensar langt utover Irak. Sjølv land som ikkje støtta krigen i Irak, slik tilfellet var med Noreg, kan ikkje lukke auga for utviklinga i landet. Åtaka på stabiliseringsstyrken, sivile irakarar og dei irakiske grupperingane som blir oppfatta som å samarbeide med vestlege land, vitnar om at enkelte ikkje ønskjer ei fredelig utvikling. Frå norsk hald ser ein det som særskilt viktig at den politiske prosessen vert vidareført, og at ein får på plass ei irakisk regjering så snart råd er. Ei framtrekande rolle for FN er òg sterkt ønskeleg med tanke på den vidare politiske prosessen i Irak.

På amerikansk hald, og med støtte frå fleire europeiske allierte som alt er tungt engasjerte i Irak, er det eit ønske om at NATO etter kvart tek på seg ei større rolle i Irak. Frå norsk side er ei internasjonalt godteken irakisk regjering og ein styrkt rolle for FN to viktige vilkår for ei slik utvida rolle. Det er god grunn til å tru at drøftinga av den framtidige rolla til NATO i Irak vil komme til å stå sentralt på toppmøtet i Istanbul i juni 2004.

## 4 NATO og dei nye tryggingstruslane

Internasjonal terrorisme står i dag, saman med spreining av masseøydeleggingsvåpen, fram som den mest direkte tryggingstrusselen mot det internasjonale samfunnet. Terroråataka 11. september 2001 sette på mange måtar ein ny tryggingsspolitisk dagsorden. Ei lang rad med blodige åtak på uskuldige sivile, hjelpearbeidarar og moderate lokale krefter er stadige påminningar om kor sårbare vi er for denne trusselen.

NATO har hatt desse elementa i trusselbiletet under oppsyn i lang tid. Dei er mellom anna reflekterte i det strategiske konseptet for Alliansen som vart vedteke på toppmøtet i Washington i 1999. Men desse trugsmåla har sjølvstøtt fått ein heilt annan aktualitet etter 11. september 2001. Toppmøtet i Praha hausten 2002 vedtok å styrkje den militære kapasiteten i Alliansen for å kunne møte dei nye tryggingssutfordringane. Kampen mot terrorisme og spreining av masseøydeleggingsvåpen står i dag som hovudoppgåver for Alliansen.

### 4.1 Internasjonal terrorisme

Etter terroråataka 11. september har tiltak mot terrorisme stått øvst på dagsordenen i Tryggingrådet i FN. 12. september 2001 vedtok Tryggingrådet resolusjon 1368 som fordømde terroråataka mot USA dagen før og viste til retten til sjølvforsvar som er nedfelt i artikkel 51 i FN-pakta. Dette stadsfesta grunnlaget for den amerikansk-leidde internasjonale koalisjonen – Operation Enduring Freedom (OEF) – som framleis bekjempar Taliban og al Qaida-element i dei sørlege og austlege delane av Afghanistan. NATO på si side slo fast at åtaket var å rekne som ein artikkel 5-situasjon, og dermed eit åtak på Alliansen sjølv.

Kampen mot internasjonal terrorisme har frå første stund vore prega av svært brei internasjonal koalisjonsbygging og innsats på ei rekkje område i ulike internasjonale organisasjonar. Det er brei semje i Alliansen om at internasjonal terror best kan møtast gjennom ein kombinasjon av politiske, økonomiske, militære, juridiske og sosiale verkemiddel. Det er semje om å støtte opp om Tryggingrådet leiarskap i dette arbeidet, samstundes

som Alliansen har vist klar vilje til å bidra med viktige ressursar i kampen mot internasjonal terrorisme på dei felta der NATO har ei særskild rolle å spele.

Forutan denne kollektive innsatsen har ei rekke NATO-land bidrege med styrkar, transport, spesialistar og støttepersonell til den USA-leidde kampanjen mot terroristnettverka i Afghanistan. Noreg deltok i denne operasjonen fram til september 2003. Etter dette har Noreg konsentrert innsatsen om den NATO-leidde stabiliseringsstyrken (ISAF).

Patuljeringa og overvakinga av det austlege Middelhavet ved hjelp av overflatefartøy og ubåtar held også fram. Formålet er å hindre terroråtak på sivile skip og å kontrollere trafikken i dette sårbare området. Operasjonen (Active Endeavour) er samstundes eit klårt uttrykk for solidariteten mellom NATO-medlemmene. Også denne operasjonen har Noreg teke del i.

Alliansen sin innsats mot terrorisme er i stor grad også bakgrunnen for den militære omstillinga som er sett i gang for å kunne møte dei nye truslane på ein effektiv måte. Arbeidet på dette feltet kom eit langt steg vidare i løpet av 2003 når det gjeld reaksjonsstyrken, kommandostrukturen og utviklinga av nye forsvarsevner. Også på etterretningssida er samarbeidet mellom dei allierte styrkt i løpet av fjoråret, m.a. gjennom opprettinga av ei permanent terroretterretningsselle ved NATO-hovudkvarteret.

Alliansen har i tillegg følgd opp tiltakspakken mot terrorisme som stats- og regjeringssjefane gav sin tilslutnad til på toppmøtet i Praha hausten 2002. Denne planen omfattar m.a. tiltak som skal auke evna til å handtere konsekvensane ved bruk av masseøydeleggingsvåpen og terroråtak på sivilbefolkninga, styrkje etterretningssamarbeidet, betre krisehandteringsmekanismane i Alliansen, intensivere samarbeidet med partnerlanda, styrkje samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar og sivile styresmakter og setje fokus på dei økonomiske sidene av antiterrorarbeidet.

Alliansen har i året som gjekk drøfta korleis ein kan hjelpe dei nye medlemslanda med å overvake luftterritoriet deira og hindre at kapra fly kan bru-

kast som terrorvåpen. Kampen mot internasjonal terrorisme inngår i dialogen mellom Alliansen og dei ulike partnerlanda. Samarbeidet mellom NATO og EU på antiterrorområdet er også i ferd med å bli styrkt, i første rekkje gjennom eit felles seminar om korleis dei saman kan stå betre rusta i kampen mot terrorisme.

## 4.2 Spreiing av masseøydeleggingsvåpen

Arbeidet med å hindre spreining av masseøydeleggingsvåpen er blitt intensivert etter 11. september 2001. Masseøydeleggingsvåpen i hendene på terroristar er ein av dei største truslane vi står framføre i dag. Arbeidet for å hindre spreining av slike våpen er difor nært knytt til kampen mot terrorisme, sjølv om det lenge har vore erkjent i Alliansen at slik spreining er ein fare i seg sjølv.

I 2004 er det ti år sidan NATO vedtok eit initiativ om masseøydeleggingsvåpen. Initiativet tok sikte på å førebu Alliansen politisk og militært på å møte dei utfordringane spreining av masseøydeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen utgjær. Blant dei allierte har det vore noko ulike syn på korleis dette best kan følgjast opp. Terroråtaka 11. september 2001 førte til større samforstand om at det er naudsynt å møte truslane på fleire plan og at forskjellige verkemiddel må takast i bruk. Innsatsen i NATO er innretta både på å verne eigne styrkar, befolkningar og territorium mot bruk av masseøydeleggingsvåpen og på å styrkje mekanismane som skal hindre spreining av slike våpen.

Dei allierte har mellom anna oppretta ein felles bataljon som skal handtere biologiske og kjemiske hendingar og hendingar som involverer radioaktiv stråling (CBRN). Også dei såkalla Praha-initiativa frå toppmøtet i 2002 er viktige i denne samanheng. Dei omfattar mellom anna oppretting av fleirnasjonale mobile laboratorium med personell og utstyr for prøver og analysar, utvikling av eit system for overvaking av sjukdom som skuldast biologiske stridsmiddel og utvikling av ein database med oversikt over dei samla lagera av legemidlar som stilles til disposisjon for Alliansen.

NATO har sidan tidleg på 1990-talet arbeidd med eit rakettforsvarssystem for trygging av utplasserte allierte styrkar. På NATO-toppmøtet i Praha i 2002 vart det gjort vedtak om at Alliansen skal gjennomføre ein studie om korleis den aukande rakettrusselen mot land, styrkar og tettfolka område kan møtast. Denne studien skal i sin tur vere eit bidrag til ein studie om rakettforsvar som no vert drøfta innanfor Alliansen, og som skal fer-

digstillast innan 2005. Sjølv om det i NATO er semje om behovet for å vurdere ulike typar tryggingstiltak, er det ulike oppfatningar av trusselbildet, og følgjeleg ulike vurderingar av behovet for omfattande rakettforsvar. Frå norsk side har ein lagt stor vekt på at også dei tradisjonelle ikkjepreingsregima får brei omtale i studien. Ein auka trussel må møtast med eit breitt spekter av verkemiddel. Styrking av det multilaterale avtaleverket innanfor nedrusting og ikkjepreining må stå sentralt. Rakettforsvar kan berre vera eit mogleg tiltak.

Ikkjespreining av masseøydeleggingsvåpen er også eit høgt prioritert samarbeidsområde innanfor NATO-Russland-rådet. I 2003 har dei allierte og Russland mellom anna arbeidd med å utvikle ei felles vurdering av globale trendar innan spreining av masseøydeleggingsvåpen. Russarane har også medverka positivt og vore interesserte i det tilstøytande arbeidet med eit avgrensa rakettforsvar. Tidlegare russisk skepsis til rakettforsvar er nå avløyst av ønskje om eit nært samarbeid med USA og NATO på dette feltet.

Sivil trygging har vore eit særleg prioritert område i NATO sidan terroråtaka mot USA. Noreg er framleis ein av pådrivarane for eit nærare samarbeid om sivil trygging i NATO og for å trekkje partnerlanda og Russland med i ulike samarbeidsaktivitetar. Innanfor NATO-Russland-rådet har russiske vitskapsfolk og ekspertar på medisinsk vern mot kjemiske og biologiske våpen mellom anna teke aktivt del i konferansar og drøftingar med kollegaer frå allierte land. Også norske ekspertar har delteke svært aktivt på dette feltet.

Også i Partnersamarbeidet har ikkjepreining av masseøydeleggingsvåpen fått ein meir sentral plass etter 11. september. Det er spesielt vern av sivilbefolkninga mot bruk av masseøydeleggingsmiddel som har stått i fokus. Saman med Sverige og Finland har Noreg vore ein pådrivar i arbeidet med å utvikle retningslinjer og minimumsstandardar for vern av sivilbefolkninga mot masseøydeleggingsmiddel. På ein konferanse i Trondheim i januar i år, der 35 allierte og partnerland var representerte, var det semje om å utarbeide ein katalog med retningslinjer og standardar. Siktemålet er å medverke til å gjere sivilbefolkninga meir merkksam på risikoane og å auke kunnskapen om spreingsfaren blant dei landa som ligg utsett til. Samarbeid om etterretning og overvaking er her særst viktig.

Det er òg eit ønske i Alliansen om eit utvida samarbeid med landa i Middelhavsregionen for å hindre spreining av masseøydeleggingsvåpen. Frå norsk hald understrekar ein behovet for full oppslutning om ikkjepreingsavtalen i FN, som dei

siste åra har vore under press. Den positive utviklinga i Libya og til ei viss grad Iran mot slutten av fjoråret viste at det nyttar å øve press på statar som utgjer ein spreingstrussel. Avgjerda i desse landa om å tillate inspeksjonar frå IAEA understrekar også behovet for å halde fram med å styrkje verifikasjonsmekanismane for eksisterande ikkje-spreiingsavtalar. Dette har vi frå norsk side understreka også i NATO.

Sterk og godt koordinert internasjonal innsats er naudsynt for å lukkast i kampen mot internasjonal terrorisme og spreieing av masseødeleggingsvåpen. Difor er det så viktig at NATO-landa framleis arbeider målretta og godt seg i mellom, men òg med EU og Russland og med andre partnerland.



## 5 Partnarsamarbeidet

Samarbeidet med Russland, Ukraina, partnerlanda i Europa, Sentral-Asia og Kaukasus og landa rundt Middelhavet er ein viktig del av Alliansens politikk for å spreie stabilitet og tryggleik i det euroatlantiske området. Særleg legg ein stor vekt på forholdet til Russland. Samarbeidet er til nytte både for NATO og for samarbeidslanda. Ei rekkje tidlegare partnerland er no medlemmer av Alliansen. Dei fleste partnerlanda bidreg til dei operasjonane NATO leier. Det er også i NATO si eiga interesse å bidra til politiske, økonomiske og militære reformer i partnerlanda.

Samstundes er NATO i ferd med å intensivere dialogen med land som ikkje tek del i partnarsamarbeidet, som Kina, Japan og Australia. Denne utviklinga må sjåast i lys av dei bidraga desse landa yter til internasjonale operasjonar, men òg at Alliansen i dei seinare åra har utvida sitt geografiske virkefelt.

### 5.1 Russland

Då NATO-Russland-rådet (NRC) blei oppretta i mai 2002, var det stilt store forventningar til samarbeidet. Ein såg for seg ein tett politisk dialog og eit omfattande praktisk samarbeid. Desse forventningane er ikkje fullt ut innfridde. NRC har likevel gjeve gode resultat på ei rekkje område.

Arbeidet i NRC vart den første tida etter opprettinga brukt til organisering av samarbeidet og utvikling av retningslinjer for dei einskilde områda. I 2003 tok ein for alvor til med konkrete prosjekt på både sivil og militær side. Utviklinga i den militære delen av samarbeidet er positiv, trass i ein viss skepsis på russisk militær side. Arbeidsplanen for 2004 omfattar mellom anna prosjekt med vekt på militært samvirke i fredsoperasjonar, leite- og redningsteneste til havs, taktisk missilforsvar og logistikk. Russland har vedteke å etablere ein styrke for fredsoperasjonar som kan operere saman med NATO. Dette er eit positivt initiativ som på sikt kan gje Alliansen og Russland evne til å utføre felles operasjonar.

Også dei politiske konsultasjonane tok eit steg framover i 2003. I tillegg til spørsmål knytte til

konvensjonell nedrusting har utviklinga på Balkan stått i sentrum. NRC har vedteke fråsegner om grensetrygging på Balkan og støtta opp om forsvarsreform i Bosnia-Hercegovina. På norsk initiativ vart det i fråsegna frå NRC-utanriksministermøtet i desember uttrykt støtte til vidare reformer i Bosnia-Hercegovina og Serbia og Montenegro, og landa fekk ros for arbeidet dei har gjort for forsøring og regionalt samarbeid. Dette var første gongen NRC uttala seg om utviklinga i Serbia.

Trass i ei lovande utvikling i 2003 står NRC overfor store utfordringar, særleg på den politiske sida. Skal samarbeidet vidareførast, er det naudsynt å drøfte også kontroversielle politiske spørsmål, anten det dreier seg om saker der NATO-landa og Russland er usamde eller der det er intern usemje i Alliansen. Ved å arbeide for at konsultasjonane munnar ut i felles initiativ der det er naturleg, kan ein gjere Russland til ein verkeleg partner, påverke russiske posisjonar og komme fram til felles løysingar i sentrale utanrikspolitiske spørsmål.

Det kanskje viktigaste hinderet for eit nærare samarbeid i 2003 var spørsmålet om ratifikasjon av den tilpassa CFE-avtalen, som blei signert i Istanbul i 1999. Russland ønskjer at dei allierte skal ratifisere avtalen, noko som vil gjere det mogeleg for dei baltiske landa og Slovenia å tiltre. Dette legg ein frå russisk side stor vekt på når NATO no er utvida. På russisk side hevdar ein at så lenge særleg dei baltiske landa ikkje har tiltredd CFE, ligg vegen open for stasjonering av store mengder allierte styrkar og materiell på deira territorium. Dei allierte har fleire gonger sagt frå om at dei vil vere tilbakehaldne med slik stasjonering. Samtidig har dei allierte stått fast på at ein ikkje kan gå vidare med arbeidet for å ratifisere avtalen før Russland oppfyller forpliktingane sine frå Istanbul-toppmøtet i 1999 når det gjeld tilbaketrekking av styrkar frå Moldova og Georgia. Russland hevdar at alt CFE-relatert materiale er trekt ut frå begge landa, og at berre politiske forpliktingar som er heilt uavhengig av CFE no står att. Det er eit visst håp om at dette spørsmålet kan finne si løysing før Istanbul-toppmøtet i juni.

På norsk side har ein ført vidare rolla som på-

drivar, både i ønsket om meir substansielle konsultasjonar og når det gjeld utviding av det praktiske samarbeidet. Norske hovudsaker er sivil trygging, omlegging av den russiske forsvarssektoren og spreiringsspørsmål, i tillegg til samarbeidet på militær side. Noreg ønskjer òg at det blir halde eit toppmøte mellom NATO og Russland i Istanbul. Dette ville vere det første NRC-toppmøtet sidan NRC vart oppretta i Roma i 2002.

## 5.2 Ukraina

Samarbeidet og dialogen med Ukraina går vidare på basis av handlingsplanen frå Praha i 2002. Landet yter bidrag til fleire NATO-leidde operasjonar. Det langsiktige målet for Ukraina er full integrasjon i dei euroatlantiske strukturane, inkludert medlemskap i NATO. Eit stabilt og demokratisk Ukraina er ein føresetnad for stabilitet i heile regionen.

Men samarbeidet med Ukraina har ikkje utvikla seg så godt som ein kunne ha håp om. Det som framfor alt vantar, er politisk vilje til å konkretisere samarbeidet med NATO, arbeide med dei einskilte elementa i handlingsplanen og gjennomføre grunnleggjande politiske og militære reformer. Dette er naudsynt dersom ein skal leggje eit grunnlag for å ta del i Alliansen sin handlingsplan for medlemskap slik som Ukraina ønskjer. Dei fleste allierte meiner at Ukraina kunne gjort meir for å følgje opp i praksis sine politiske erklæringar på desse felta.

Noreg vil bidra til at NATO og Ukraina vida-reutviklar det trygging- og forsvarspolitiske samarbeidet. Første prioritet må vere konkret iverksetjing av handlingsplanen.

## 5.3 Andre partnarar

Istanbul-toppmøtet vil markere utvidinga av NATO med sju tidlegare partnarland (Bulgaria, Estland, Latvia, Litauen, Romania, Slovakia og Slovenia). Eit viktig spørsmål i forlenginga av utvidinga vil vere korleis partnarsamarbeidet (EAPC – Euro-Atlantic Partnership Council og PfP – Partnership for Peace) skal drivast vidare. Etter utvidinga vil dei gjenverande partnarlanda bli både færre og meir ulike innbyrdes. Det er difor eit ønske i Alliansen om å omforme partnarsamarbeidet slik at det framleis kan vere til nytte både for NATO og for partnarlanda sjølve.

Etter utvidinga står ein grovt sett igjen med tre grupper land: dei tre landa på Balkan (Kroatia,

Makedonia og Albania) som tek del i Alliansen sitt førebunde program for medlemmer (MAP), dei sentralasiatiske og kaukasiske republikkane og dei vesteuropeiske partnarane (Sverige, Finland, Austerrike, Irland og Sveits).

Innrettinga av partnarsamarbeidet varierer allereie noko mellom dei ulike gruppene. For MAP-landa legg ein størst vekt på støtte til politiske, økonomiske og militære reformer. For landa i Sentral-Asia og Kaukasus legg ein særleg vekt på regional stabilitet og landa sine bidrag i kampen mot terrorisme og spreiring av masseødeleggingsvåpen. Samarbeidet med dei vesteuropeiske partnarlanda konsentrerer seg særleg om auka evne til militært samvirke og støtte til NATO-leidde operasjonar.

Men det er no eit klart ønske om å tilpasse samarbeidet til det enkelte land i endå større grad enn i dag. Når NATO no dessutan har gått inn i Afghanistan, har samarbeidet med landa i Sentral-Asia og i Kaukasus fått ny aktualitet. Det er desse partnarane som mest treng bistand frå NATO for å gjennomføre reformer og for å verte sterkare integrerte i det euroatlantiske samarbeidet. Utviklinga i desse landa vil òg få mykje å seie for den internasjonale kampen mot terrorisme og spreiring av masseødeleggingsvåpen. Frå norsk side legg vi til grunn at ei styrkt rolle for NATO passar godt inn i vårt eige engasjement overfor regionen.

Men merksemda om dei mindre utvikla partnarane stiller på same tid NATO overfor utfordringar andsynes dei fem vesteuropeiske partnarane. På norsk side blir det understreka at desse fire EU-landa og Sveits kan ta del i den militære omforminga av NATO på ein heilt annan måte enn dei mindre utvikla partnarlanda. Framfor alt kan dei vere netto bidragsytarar til partnarsamarbeidet, og yte viktige bidrag til NATO-leidde krisehandteringsoperasjonar. På norsk side vil ein difor arbeide for at desse landa blir trekte endå sterkare inn i samarbeidet i Alliansen. Til sjuande og sist vil det vere opp til dei sjølve å definere omfanget av kontakten med NATO.

NATO drøfter òg om Serbia og Montenegro og Bosnia-Hercegovina skal få medlemskap i PfP. Krava frå Alliansen er at Bosnia-Hercegovina m.a. opprettar ein felles kommando over dei væpnade styrkane i landet og gjennomfører meir djuptgripande forsvarsreformer, og at Serbia og Montenegro samarbeider fullt ut med den internasjonale krigsforbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia. Særleg gjeld det i sakene mot dei to bosniske serbarane Karadzic og Mladic som er skulda for krigsbrottsverk. Førebels er det oppretta eit særskilt samarbeidsprogram med kvart av dei to landa

der fokus er retta mot aktivitetar innan demokratiske styring av forsvarssektoren, forsvarsreform o.l.

Noreg har teke til orde for at begge landa må inn i PfP så raskt som mogeleg. Tanken er at det vil vere lettare å bidra til at den politiske utviklinga går i riktig retning om ein samarbeider tett med desse landa, framfor å isolere eitt eller begge utanfor den euroatlantiske fellesskapen. Noreg har medverka i utstrekt grad til reform av tryggingsspektoren mellom anna i Serbia og Montenegro. Vår innsats for å få Serbia og Montenegro og Bosnia-Hercegovina inn i PfP vil halde fram mot toppmøtet i Istanbul.

#### **5.4 Middelhavslanda og Midtausten**

Auka samarbeid med middelhavslanda og andre land i det såkalla «utvida Midtausten», det vil seie landa frå Mauritania i vest til Afghanistan i aust, har fått forsterka fokus dei siste månadene. Ei rekkje land har gjort framlegg både i NATO og andre forum til korleis den vestlege verda betre kan medverke til politisk, demokratisk, økonomisk og tryggingmessig utvikling i regionen.

Frå amerikansk side har ein ønskt å gjere bruk av både G8, samarbeidet mellom USA og EU og NATO for å få til eit nytt og breitt internasjonalt engasjement overfor landa i regionen. For NATO sin del er det snakk om eit initiativ for å bidra til tryggleik og stabilitet i regionen som skal lanserast på toppmøtet i Istanbul. Dei amerikanske tankane går delvis i same retning som synspunkta til ei rekkje andre land, t.d. Tyskland, Spania, Italia og Storbritannia.

NATO har sidan 1994 ført ein dialog med sju land i Middelhavsområdet (Marokko, Mauritania, Tunisia, Algerie, Egypt, Jordan og Israel). Men det siste året har det vakse fram ei erkjenning av at dette samarbeidet ikkje har ført til nemneverdige resultat. Det er difor aukande semje om at samarbeidet må styrkjast, men det er førebels ikkje klart kva form og innhald dette vil få.

Frå norsk side ser ein det som viktig at ei NATO-rolle overfor regionen blir utforma med tanke på at ho skal støtte opp om tiltak i regi av andre aktørar og organisasjonar. Alliansen kan først og fremst spele ei rolle på det tryggingspolitiske området. Vidare vil det vere viktig at eit slikt initiativ er inkluderande og i utgangspunktet er ope for alle land i regionen. Ein legg òg stor vekt på at aktuelle land blir trekte inn i utforminga av eit nytt samarbeidsinitiativ så tidleg som mogeleg, slik at det finn ei form som er tenleg for reformarbeidet i desse landa. I dei første drøftingane av dette spørsmålet har ein frå norsk side også understreka det viktige i å halde oppe eit internasjonalt politisk engasjement for å finne fram til ei løysing på konflikten mellom israelarar og palestinarar. Dette vil framleis vere ein nøkkel til tryggleik og stabilitet i regionen.

I rekkja av samarbeidsinitiativ står forholdet til EU i ei særstilling. EU som organisasjon har sjølv store tryggingspolitiske ambisjonar. I tillegg til stort overlapp i medlemskap mellom NATO og EU gjer dette sitt til at samarbeidet med EU har ein annan karakter enn samarbeidet med enkeltland og med internasjonale organisasjonar som FN og OSSE.

## 6 Samarbeidet mellom NATO og EU

Forholdet mellom NATO og EU er viktig for europeisk trygging- og forsvarspolitik. Dei føreståande utvidingane av NATO og EU er ei markering av rolla dei to organisasjonane har spela i arbeidet med å spreie demokratiske verdiar til heile Europa. Samstundes har begge organisasjonane interesse av eit nært samarbeid med nabolanda lengre aust og sør. Eit tett samarbeid mellom EU og NATO er viktig for å slutføre arbeidet med stabilisering og reform på Balkan. EU har eit mykje breiare register av verkemiddel å spele på enn NATO. Samstundes representerer NATO, og USA si rolle i og interesse for utviklinga i Europa, ein særskilt viktig transatlantisk dimensjon.

Det er liten tvil om at samarbeidet mellom NATO og EU bør kunne utviklast vidare, ikkje berre når det gjeld krisehandtering, men òg på område som kamp mot internasjonal terrorisme og spreiging av masseødeleggingsvåpen. Tryggingstrategien til EU, som peikar ut nettopp desse trusslane i tillegg til den trusselen statssamanbrot utgjør, fell godt saman med NATOs eige trusselbilette. På denne bakgrunnen ønskjer vi frå norsk hald at ein får til eit toppmøte mellom NATO og EU i Istanbul. Den viktigaste saka på eit slikt toppmøte vil vere å markere overføringa av den militære NATO-operasjonen i Bosnia-Hercegovina til EU. Men vi ønskjer også ei felles fråsegn om innsatsen mot terrorisme.

Når det gjeld krisehandtering tok NATO og EU eit viktig skritt framover i 2003 då ein i mars månad vart samde om eit rammeverk for krisehandtering, som opnar for at NATO kan gje støtte til militære operasjonar for krisehandtering som vert planlagde og leidde av EU. Dette rammeverket blei testa ut då NATO overførte leiinga av den fredsbevarande operasjonen i Makedonia til EU i slutten av mars. Den nye operasjonen, Concordia, var den første militære operasjonen som EU leidde. Han talde 400 soldatar. I samsvar med NATO-EU-avtalen hadde også Noreg høve til å ta del i operasjonen. Vi stilte med eit mobilt feltteam på 4 soldatar og ein stabsoffiser til styrkehovudkvarteret i Skopje. Vi fekk dermed plass i deltakarkomiteen for operasjonen. Dette gav oss høve til å følgje den daglege utviklinga av operasjonen, sjølv om EU

hadde hand om den overordna politiske og strategiske styringa. Operasjonen vart avslutta i desember 2003.

EU sine førebuingar av operasjonen vart prega av at det var kort tid mellom semja med NATO og overtakinga av operasjonen. Noreg og dei andre allierte utanfor EU som bidrog til operasjonen, fekk i liten grad delta i førebuinga av Concordia. Saman med dei andre allierte utanfor EU har vi overfor EU gjeve uttrykk for misnøye med handsaminga av den tidlege planleggingsfasen. Når NATO-operasjonen i Bosnia-Hercegovina i løpet av 2004 vert overført til EU, er det etter norsk syn særskilt viktig at det rammeverket som ligg iføre blir nytta fullt ut. Dette vil gje oss god tilgang til informasjon i alle delar av planlegginga.

Nettopp for å styrkje koordineringa mellom dei to organisasjonane fekk EU høve til å stasjonere offiserar i SHAPE og i det sørlege NATO-hovudkvarteret ved Napoli, og ein NATO-offiser vart send til den militære staben i EU i samanheng med planlegginga av Concordia i Makedonia (EUMS). Desse ordningane vil i 2004 etter alt å dømmе bli omdanna til permanente ordningar. I desember 2003 vedtok EU å setje i gang forarbeid med sikte på oppretting av ei EU-celle ved SHAPE, samstundes som NATO var invitert til å opprette ei liaisonordning ved EUMS.

Frå norsk side har vi overfor EU lagt stor vekt på at vår deltaking i arbeidet med krisehandtering i EU ikkje måtte avgrensast til konkrete operasjonar. Eit samarbeid i fredstid må omfatte både generisk planlegging av EU-leidde operasjonar og styrke- og forsvarsplanlegginga i EU. Frå norsk side har det i denne samanhengen vore streka under at slik tett kontakt er viktig for å kunne tilpasse våre eigne bidrag til EUs behov. Difor arbeider ein frå norsk hald m.a. aktivt for å sikre så god tilgang som mogeleg til den nye forsvarsmateriellorganisasjonen (European Defence Agency – EDA) som er under oppretting.

Det er òg viktig for det framtidige samarbeidet mellom dei to organisasjonane at utviklinga av militære kapasitetar blir sett i samanheng og vert gjensidig forsterkande. Dette arbeidet kom for alvor i gang i 2003. Det vart halde fleire møte med

fokus på utveksling av informasjon om dei to prosessane for styrkte kapasitetar som har mange fellesstrekk.

I 2003 ble dei to organisasjonane samde om ei felles overordna politisk tilnærming til Vest-Balkan. Dette er ei naturleg utvikling på bakgrunn av at begge organisasjonane er sterkt engasjerte i regionen. Samstundes må vi frå norsk side erkjenne at vi og fleire andre allierte hadde ønskt eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom NATO og EU om utfordringane på Vest-Balkan enn det vi til

no har sett, men ikkje alle allierte EU-land er samde om det.

Dei to organisasjonane har òg for første gong halde ei felles krisehandteringsøving. Formålet var å øve på Berlin Pluss-ordningane. Gjennomføringa av øvinga vart vellukka og ein fekk konstaterert at Berlin Pluss fungerte. I framtida vil det bli halde slike felles øvingar med jamne mellomrom. Dette er ein viktig del av det auka samarbeidet mellom dei to organisasjonane på det trygging- og forsvarspolitiske området.

## 7 Militær omforming av Alliansen

NATO har dei siste åra arbeidd målretta med å styrkje den militære handlingsevna i Alliansen. For å gje NATO evne til å møte dei nye trygging utfordringane der behovet oppstår, er det avgjerande at dei allierte militære styrkane blir sette i stand til å reagere raskt og effektivt. Allierte styrkar og militære ressursar elles må gjerast meir tilgjengelege og allsidige. Tre viktige svar på denne utfordringa er etableringa av den allierte reaksjonsstyrken NATO Response Force (NRF), ein ny kommandostruktur og styrkt forsvarsevne i tråd med vedtaka frå Praha-toppmøtet (Prague Capabilities Commitment – PCC).

### 7.1 NATO Response Force (NRF)

NRF skal kunne reagere særskilt raskt og med global rekkevidde. Styrken skal kunne ta på seg alle typar krisehandteringsoperasjonar, frå fredsbevaring til skarpe oppdrag. NRF skal òg vere ei drivkraft og ein katalysator i arbeidet med omforming av forsvarsevna i Alliansen meir generelt. Deltaking i NRF er ei sentral plikt for alle allierte. Dei forpliktande innmeldingane av styrkar til NRF vil vere eitt av dei aller viktigaste bidraga for å vareta den kollektive tryggleiken i framtida. Planen for utvikling av NRF er ambisøs. Dei ulike bidraga skal omfatte alle fellesoperative kapasitetar med 5 til 30 dagars beredskap. Når NRF blir fullt operativ i oktober 2006 er det venta at styrken vil omfatte ca 21 000 personar frå alle forsvarsgreiner. Den første NRF-styrken, som er av førebels karakter, står under kommando av sjefen for NATOs fellesoperative hovudkvarter i Brunssum i Nederland det første året. Dette ansvaret vil i framtida rotere mellom dei tre NATO-hovudkvarter i Europa.

For å kunne dra nytte av ei slik reaksjonsevne må NATO og dei medlemslanda som er med i NRF raskt kunne fatte nødvendige politiske vedtak knytta til ei utplassering. Konsensus blant nasjonane vil sjølvstendig framleis vere ein føresetnad for innsetjing av styrken i skarpe operasjonar, men det vil vere viktig å sikre gode og raske avgjerdsmechanismar i alle deltakarland.

Etter at eit politisk vedtak er gjort, skal styrken

på sjølvstendig grunnlag og utan støtte i inntil ein månad vere i stand til å løyse ei rekkje ulike oppdrag som til dømes:

- krisehandtering, også fredsbevarande operasjonar
- evakuering av sivilt personell frå kriseområde
- handtering av til dømes åtak med masseøydleggingsvåpen og humanitære katastrofar
- kontraterrorismeoperasjonar
- embargooperasjonar.

Reaksjonsstyrken vil gje NATO ei reell evne til raskt å kunne bidra til å forhindre spreining og eskalering av konflikter. Det er avgjerande for NATO som militærallianse at utviklinga av denne styrken lukkast. Noreg vil bidra til dette, fullt medvetne om at styrkebidrag til NRF må fylle særskilte høge krav til trening og sertifisering.

### 7.2 Kommandostruktur

Kommandostrukturen vart i 2003 omforma for å setje Alliansen betre i stand til å handtere den typen oppdrag som følgjer av det nye trusselbiletet. Han er no organisert i to separate søyler, ei for leiing av operasjonar og ei for arbeidet med omforming og kompetansebygging, inkludert eksperimentering, trening og øvingar.

Dette inneber ei straumlinjeforming av kommandolinjene i NATO ved at talet på hovudkvarter vert redusert og tilpassa nye utfordringar. Det øvste hovudkvarteret med operativt ansvar, Allied Command Operations (ACO), finn ein i Mons i Belgia. Under dette hovudkvarteret finn ein to permanente hovudkvarter, eitt i Brunssum i Nederland for Nord-Europa og eitt i Napoli for Sør-Europa, i tillegg til eit mindre hovudkvarter i Lisboa. Det taktiske nivået består av seks Joint Force Component Commands og seks Combined Air Operations Centres. Combined Air Operations Centre på Reitan blir nedlagt. Det øvste hovudkvarteret for omforming, Allied Command Transformation (ACT), finn ein i Norfolk, USA.

I Noreg har ein grunn til å vere godt nøgd med resultatet. Rett nok vert det noverande hovudkvar-

teret i Stavanger lagt ned, men Noreg har fått ein viktig del av omformingskommandoen ved opprettinga av eit Joint Warfare Centre (JWC) på Jåttå, underlagt ACT. Militær omdanning vil framleis vere eit nasjonalt ansvar, men hovudkvarteret i Stavanger vil spele ei sentral rolle i å leggje forholda til rette for at dei allierte i samarbeid kan utvikle relevante militære styrkar som kan samvirke. JWC vil få ansvar for planlegging og gjennomføring av utdanning, trening og øvingar og utarbeiding og utprøving av doktrinar og konsept. I sum skal dette vere med på å styrkje NATO si evne til effektiv og koordinert bruk av land-, sjø-, og luftstyrkar.

### 7.3 Alliert militært samvirke

---

Tilliten til NATO er basert på den militære evna til Alliansen. Militær evne har i sin tur samanheng med evna til å operere effektivt saman. Gapet i teknologi og kapasitet mellom USA og dei europeiske allierte har difor skapt uro i lang tid. På toppmøtet i Praha i 2002 vedtok ein å auke dei militære kapasitetane i Alliansen (Prague Capabilities Commitment – PCC) for å redusere gapet i teknologi over Atlanteren, for å få til betre utnytting av ressursane og for å få til auka samla evne til å setje inn styrkar over lange avstandar og til å gjennomføre høgteknologiske militære operasjonar. Ikkje minst i lys av operasjonane i Afghani-

stan, på Balkan og i Middelhavet, er det avgjerande å støtte opp om NATO si evne til omforming ved at dei enkelte medlemslanda følgjer opp sine tilsegner i PCC.

PCC søker å forplikte kvart medlemsland til å gjennomføre konkrete tiltak, parallelt med vektlegging av fleirnasjonalt samarbeid og fellesfinansierte løysingar. Noreg har ytt bidrag til målsetjinga om ei vidareutvikling av nisjekapasitetar og rollespesialisering. Sentrale norske tilsegner er knytte til område som presisjonsstyrte luft-til-bakke-våpen, fleirnasjonal strategisk sjøtransport, strategisk lufttransport og tankflykapasitet, ubemanna luftfartøy, vern mot masseødeleggingsvåpen, etablering av ein ISTAR-kapasitet (Intelligence, Surveillance, Target Aquisition and Reconnaissance) og utvikling av ein alliert luftboren kapasitet for bakkeovervaking.

Innanfor PCC har Noreg ei leiande rolle i arbeidet med fleirnasjonale løysingar for strategisk sjøtransport. Arbeidet har hatt god framdrift, og ni allierte har signert ein avtale som gjev tilgang til kapasitetar for strategisk sjøtransport i form av skip på beredskapskontraktar og fulltidscharter. Eit senter i Nederland – Sealift Coordination Centre (SCC) – står sentralt i å koordinere og effektivisere bruken av desse skipa og nasjonane sin bruk av eigne og innleigde transportskip. Med basis i eit vellukka prøveår vart dette senteret etablert på permanent basis hausten 2003 under norsk leiing.

## 8 Vurderingar og framtidsperspektiv

Samarbeidet i NATO har sidan i fjor haust vore prega av førebuingane til det kommande toppmøtet i Istanbul i juni. Det er klar vilje i Alliansen til å leggje usemja om Irak bak seg og rette fokus framover og konsentrere seg om dei oppgåvene som samlar brei oppslutning. I 2003 fekk ein for første gong sjå eit militært engasjement i NATO-regi utanfor det euroatlantiske området.

Den viktigaste oppgåva for Alliansen i tida framover vil vere Afghanistan. Det mest sentrale spørsmålet vil vere utvidinga av NATO-nærværet utover Kabul gjennom etablering av nye PRT-lag og støttebasar for desse før vala i 2004. Mykje tyder på at utvidinga av ISAF vil bli langt meir ressurskrevjande enn ein først hadde sett føre seg. I tal inneber dette ei mogeleg dobling av den noverande styrken på om lag 6500 mann, i tillegg til omfattande støtte i form av helikopter, kampfly, tankfly m.m. Noreg og dei andre allierte må vente press for å stille med auka ressursar. Parallelt med utbygginga av PRT-laga må ein yte økonomisk og anna støtte slik at folk i Afghanistan opplever at fred fører til framgang i landet. Om ein ikkje lukkast, kan Afghanistan igjen verte ein fristad for terroristar og eit humanitært kriseområde. Noreg vil også i tida framover medverke både politisk, økonomisk og militært i Afghanistan.

Sjølv om NATO greidde å arbeide seg ut av Irak-krisa, er dei underliggjande konfliktlinjene framleis til stades. USA ønskjer eit tungt NATO-engasjement i Irak, til dømes gjennom at Alliansen overtek ansvaret i den polske sektoren. Den amerikanske målsetjinga er å få til eit forpliktande vedtak på toppmøtet i Istanbul om eit mest mogeleg substansielt NATO-engasjement i Irak. Dette forslaget får støtte av fleire europeiske allierte, deriblant Polen, Italia og Danmark.

Men det er inga semje innanfor Alliansen om å diskutere eit slikt mogeleg NATO-nærvær i Irak. Frankrike, Tyskland og Belgia er sterkt imot vedtak som kan skape inntrykk av at det berre er eit spørsmål om tid før NATO engasjerer seg i Irak. Ei avklaring vil først komme etter at rolla til FN i Irak er meir definert og etter at ei internasjonalt godteken irakisk regjering har bede NATO om hjelp. Desse føresetnadene rekk knapt å bli oppfylte før

toppmøtet i juni. Det vil vere ein klar føresetnad for norsk støtte til eit auka NATO-engasjement at desse to vilkåra er oppfylte.

Sjølv om ein over Atlanteren er samde om at internasjonal terrorisme og masseødeleggingsvåpen utgjør den største trusselen mot tryggleiken, er semja mindre om kor akutte desse truslane er og korleis dei skal møtast. Kampen mot terrorisme kan berre vinnast gjennom bruk av både politiske, økonomiske, militære og andre verkemiddel, men korleis dei ulike verkemidla bør kombinerast er stadig tema for drøftingar.

Trass i ulike vurderingar og haldningar i fleire viktige spørsmål, utviklar det praktiske samarbeidet innan Alliansen seg på ein god måte. NATO si rolle som reiskap for europeisk stabilitet og integrasjon vert ført vidare med utvidinga av Alliansen. Framgangen dei nye medlemmene har vist gjennom handlingsplanen for medlemskap, gjev òg grunn til håp når det gjeld utviklinga i Kroatia, Albania og Makedonia. Regjeringa legg vekt på at døra til NATO framleis skal stå open, samtidig som ein tar omsyn til Alliansen sine behov og utviklinga internt i kandidatlanda.

NATO-Russland-rådet har utvikla seg til eit godt praktisk instrument for å knyte Russland, Europa og Nord-Amerika tettare saman, noko som òg verkar positivt inn på Noreg sitt eige tilhøve til Russland. Regjeringa ønskjer å fylle NATO-Russland-samarbeidet med konkret innhald. Det er viktig å auke interessa for samarbeidet også nedover i det russiske systemet, særleg på militær side. Trass i ei lovande utvikling står NRC overfor vesentlege utfordringar. Etter norsk syn er det viktig at ein no tek til å drøfte også dei kontroversielle sakene der synet til dei allierte og Russland skil lag.

Utvidinga av NATO-Russland-rådet våren 2004 med mellom anna dei baltiske landa vil tilføre NRC ein ny dimensjon og nok gjere samarbeidet enda meir utfordrande, men vil òg kunne auke den politiske relevansen av drøftingane der. Sett med norske auge er NATO-utvidinga særskild viktig fordi ho omfattar land som grensar opp til den nordiske regionen. Dette er endå ein grunn for Noreg til å intensivere arbeidet for å gjere Russland til ein



partnar og dermed bidra til å auke tilliten på tvers av dei gamle skiljelinjene i Europa. I tillegg ønskjer ein på norsk side å leggje vekt på å nytte NRC i forsvaret mot åtak med masseøydeleggingsvåpen og mot oljeforureining til havs, som er saker som har mykje å seie for oss og der samarbeid med Russland kan vere ein viktig del av løysinga.

Tilhøvet til partnarlanda vil truleg komme til å stå mykje meir sentralt i tida framover. Særleg vil landa i Kaukasus og Sentral-Asia spele ei viktig rolle både i samband med operasjonane i Afghanistan og i den breiare kampen mot internasjonal terrorisme. For Noreg vil det vere viktig å sikre fokus på behova til dei meir avanserte partnarane, i første rekkje Finland og Sverige, fordi dei er nære naboar, men òg fordi dei kan bidra særst aktivt til partnaraktivitetar og NATO-operasjonar. Ei anna prioritert sak for Noreg er at Serbia og Montenegro og Bosnia-Hercegovina på NATO-toppmøtet i Istanbul vert inviterte til å ta del i PfP.

I tida framover vil det truleg gå mot stadig meir individuelt tilpassa samarbeidsordningar mellom NATO og ulike grupper partnarland. I eit endra trusselbilette bør det vere eit mål å utvide partnarsamarbeidet til også å omfatte landa i eit utvida Midtausten i forlenginga av dagens Middelhavsdialog. Framover mot toppmøtet i Istanbul vil ein såleis sjå på korleis ein kan gjere dialogordningane meir meningsfylte og forpliktande på ein måte som tener interessene til både NATO og partnarlanda.

Omforminga for å tilpasse Alliansen til nye oppgåver held fram. Misforholdet mellom ambisjonar og ressursar i Alliansen er aukande. Å minske dette gapet er blant Alliansen sine aller største utfordringar. Den nye kommandostrukturen er etablert og NATO-reaksjonsstyrken har fått ein førebels kapasitet. Framleis står det att å få på plass mange av dei konkrete forsvarevnene som styrken er heilt avhengig av. I tida framover må ein òg avklare når styrken skal kunne nyttast og forholdet mellom NATO-reaksjonsstyrken og reaksjonsstyrken til EU.

Noreg vil framleis bidra vesentleg til å utvikle ønskte militære kapasitetar i dei nye medlemslanda gjennom ulike typar støtte- og samarbeidsverksemd. Som alliert har Noreg ei viktig rolle i å bidra til ein smidig overgang til NATO-medlemskap for våre mest nærliggjande nye allierte: Estland, Latvia og Litauen.

Etter gjennombrøtet om prinsippa for samarbeidet NATO-EU ser ein no konturane av eit verkeleg strategisk partnerskap mellom dei to organisa-

sjonane. Dei har òg utvikla ei felles tilnærming til Balkan og byrja eit samarbeid om militære kapasitetar og terrorisme. Det synest klart at EU vil overta etter NATO i Bosnia mot slutten av 2004. Noreg vil framleis gjere sitt yttarste for å sikre eit best mogeleg samarbeid mellom NATO og EU på Balkan. Planlegginga for Bosnia vert samstundes ei prøve på EUs vilje til å involvere tredjeland i alle fasar av krisehandtering.

Som ikkje-medlem av EU vil det vere avgjerande for Noreg at NATO også i framtida er det sentrale organet for både trygging- og forsvarspolitiske konsultasjonar mellom dei allierte. Utfordringa for Noreg vert difor å bidra til ein mest mogeleg effektiv allianse. Samstundes må vi sikre at våre interesser blir ivaretekne best mogeleg i forhold til EU. Dette er ei stor utfordring fordi ei rekkje EU-land ikkje ønskjer meir enn ein avgrensa dialog med NATO av omsyn til eigenarten til dei to organisasjonane. Eit anna omsyn som verkar inn på vurderinga i sentrale EU-land, er ønsket om å avgrense den amerikanske innverknaden på europeiske spørsmål, som mange meiner først og fremst går via NATO. Og til sist vert det, etter kvart som samarbeidet innanfor EU vert utdjupa og forsterka, stadig meir krevjande for Noreg som står utanfor EU å delta fullt ut i desse politiske prosessane.

Avgjerdene om å overta kommandoen over ISAF, om å støtte polakkane i Irak, om å setje i verk ein ny kommandostruktur og å utvikle ein eigen reaksjonsstyrke, viste i 2003 ein handlekraftig allianse som kan møte nye utfordringar på ein effektiv måte. Det viktigaste framtidsperspektivet for NATO er at stadig omforming og tilpassing til nye oppgåver truleg vil prege arbeidet i Alliansen også i åra framover.

På same tid minner utviklinga både på Balkan, i Afghanistan og i Irak oss om at NATO også må vere i stand til å halde oppe eit politisk og militært engasjement i felt over lang tid om ein skal lukkast i å stabilisere dagens viktigaste kjelder til uro og uføreseielege truslar mot dei allierte landa.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 23. april 2004 om samarbeidet i NATO i 2003 blir send Stortinget.

**Vedlegg 1****Sluttkommuniké frå Ministermøte i Det nordatlantiske rådet i Madrid 3. juni 2003**

1. Vi går i dag eit steg vidare i å verkeleggjere visjonen som vart skissert på toppmøtet vårt i Praha om ein omforma Alliansen som betre kan møte dei truslar og utfordringar frå alle hald som det 21. hundreåret stiller våre folk, territorium og styrkar overfor. I Praha forplikta stats- og regjeringssjefane seg til å skape eit nytt NATO med nye medlemmer, nye kapasitetar og nye tilhøve til partnerane våre. Omdanningsprosessen er no godt i gang. Den nordatlantiske Alliansen, grunnlagd på prinsippa demokrati, fridom for enkeltmennesket og rettsstyre, er som før grunnmuren i vårt felles forsvar og det sentrale transatlantiske tryggingforumet.
2. Innlemminga av dei nye medlemslanda Bulgaria, Estland, Latvia, Litauen, Romania, Slovakia og Slovenia i Alliansen vil styrkje tryggleiken for alle i det euroatlantiske området og forsterke verdifelleskapen vår. Vi gler oss over at kollegaene våre frå desse landa er med oss i Madrid i dag.
3. NATO tek på seg nye operasjonar som stettar dei felles tryggingssjefane til alle allierte land. Vi rosar allianselanda som deltek i den internasjonale tryggingssstyrken (ISAF) i Kabul i Afghanistan, og Tyskland og Nederland for den rolla dei spelar som leiarnasjonar i oppdraget. Frå august av vil NATO ta over leiarrolla ved å ta på seg strategisk samordning, kommando og kontroll over ISAF. ISAF vil framleis opptre under FN-mandat. Den utvida rolla til NATO vil gjere ISAF meir effektiv og uthaldande, og vil, saman med PRT-laga som fleire allianseland og partnerland er i ferd med å utplassere i provinsane, forsterke engasjementet frå verdssamfunnet om å byggje eit fredeleg og demokratisk Afghanistan. Vedtaket om å nyttje NATO sine ressursar og kapasitetar for å sikre kontinuiteten i ISAF demonstrerer òg at vi står parat til å støtte eller leie operasjonar og utplassere styrkar der Alliansen vedtek det, for såleis å sikre den felles tryggleiken.
4. Alliansen har nyleg avslutta utplasseringa av overvakingsfly, rakettforsvarssystem og vern mot kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen for å forsvare Tyrkia mot eventuelle åtak frå Irak. NATO har òg hjulpet Tyrkia med å førebu seg på mogelege humanitære naudsituasjonar. Vi rådførte oss jamleg under Irak-krisa, også i pakt med Alliansen si rolle etter artikkel 4 i Washington-traktaten.
5. NATO har sagt ja til oppmodinga frå Polen om å støtte landet i den rolla det tek på seg i stabiliseringa av Irak i sommar. Militærstyresmaktene i NATO samarbeider med polske representantar for at Alliansen skal kunne stette deira behov. Det nordatlantiske rådet vil jamleg vurdere NATO sitt bidrag til stabiliseringsinnsatsen.

Vi gler oss over vedtakinga av resolusjon 1483 frå Tryggingrådet i FN. Allianselanda står parat og ser no nærare på korleis dei kan medverke til gjennomføringa av resolusjonen.
6. Etter Praha er ein viktig milepel passert i etableringa av den reelle strategiske partnerskapen mellom NATO og EU som var avtala mellom dei to organisasjonane. Med vedtaka i mars om å underteikne «Berlin Pluss»-ordningane kulminerte det intensive arbeidet som er gjort etter NATO-framlegga om dette under Washington-toppmøtet. Vi understrekar at vi er forplikta til å realisere den strategiske partnerskapen med EU, for det første gjennom samarbeidet i det tidlegare Jugoslavia der den samordna innsatsen frå Alliansen og EU si side har gjeve regionen heilt nye utsikter. Vi er tilfreds over å registrere at det er etablert ein EU-operasjon i den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia med tilgang til ressursar og kapasitetar frå NATO under kommando av DSA-CEUR. Vi strekar under at vi forpliktar oss til å følgje opp samarbeidet på Balkan i ei open ånd for å nå våre felles mål.
7. NATO og EU har ei felles interesse av å hjelpe landa på Balkan på vegen mot vidare integrering i dei euroatlantiske strukturane. Vi ventar at EU-/Balkan-toppmøtet i Tessaloniki den 21. juni vil bli eit viktig bidrag til fellesinnsatsen på dette området. NATO vil framleis spele ei avgjerande rolle i det regionale tryggingarbeidet

- gjennom pågåande operasjonar og PFP-program og ved å samarbeide med EU. NATO og EU arbeider med å skape ei ramme for auka dialog og samordning av trygging- og stabiliseringsinnsatsen på Vest-Balkan. Utviklinga av partnerskapen mellom NATO og EU på Balkan vert stadig viktigare for den vidare stabiliseringa av regionen, og planlegginga framover bør ta omsyn til dette.
8. På bakgrunn av det vellukka samarbeidet på Balkan vurderer NATO og EU no nye samarbeidsformer i spørsmål av felles interesse knytte til tryggleik, forsvar og krisehandtering, mellom anna innan sivil beredskapsplanlegging, kapasitetsforbetring og kamp mot terrorisme. Vi ser fram til å samarbeide med EU om å vidareutvikle tilhøvet mellom dei to organisasjonane på ein måte som sikrar gjensidig innsyn og full respekt for NATO og EU som uavhengige organisasjonar.
  9. NATO-oppdraga i den strategisk viktige Balkan-regionen endrar karakter etter kvart som stabiliteten og tryggleiken vert betre. Dei NATO-leidde styrkane i regionen vil også heretter bli omstrukturerte og reduserte i tal etter kvart som framgangen tillet det. Som svar på dei viktige utfordringane som står att, stadfester vi at vi vert ståande på Balkan og er klar til å hjelpe landa i regionen til vidare framgang, også når det gjeld reformer i trygging- og forsvarssektoren.
  10. Vi stadfester vår støtte til territorial integritet og suverenitet for alle landa på Balkan. Dei må halde fram med å byggje opp varige multietniske demokrati, utrydde organisert kriminalitet og korrupsjon og innføre grunnfest lovstyre. Dei må samarbeide regionalt, mellom anna ved å gjennomføre den felles plattformen som vart vedteken under regionkonferansen om grensevern i Ohrid 22.-23. mai. Dei må heilt og fullt oppfylle internasjonale tilsegner, mellom anna om at alle som er tiltala av Den internasjonale forbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) skal stillast for retten i Haag. Vi er fast bestemte på å samarbeide nært med FN, EU, OSSE og andre internasjonale organisasjonar om å byggje opp eit fredeleg, stabilt og demokratisk Sørøst-Europa der alle land i regionen tek eige ansvar for reformprosessen og let seg integrere i euroatlantiske strukturar.
  11. Terrorismen er framleis ein alvorleg trussel mot folk, styrkar og territorium i Alliansen og mot freden og tryggleiken på internasjonalt plan. Han er òg ein alvorleg trussel mot utviklinga av fungerande demokratiske institusjonar, territorial integritet og fredeleg mellomstatleg samkvem. Vi uttrykkjer vår medkjensle med ofra for terrorismen. Vi avviser og fordømmer terrorismen kategorisk i alle sine former og stadfester forsettet om å kjempe mot dette vondet så lenge det trengst. Vi gjennomfører no eit militært konsept til forsvar mot terrorisme, aukar sivilberedskapen og samarbeider nært med partnerane våre på dette området. Marinestyrkar frå Alliansen patruljerer Middelhavet, mellom anna for å motverke terroriståtak på handelsflåten ved Gibraltar. For å slå ned terrorismen må vi ha mange og omfattande reaksjonsformer. Det vil krevje full gjennomføring av Praha-programmet for omforminga av NATO og tett samarbeid med andre internasjonale organisasjonar og med partnerane våre, også i framtida.
  12. Vi står fast på å førebyggje, stanse, forsvare oss og verne oss mot alle væpna åtak på oss, også terroriståtak utanfrå, i samsvar med Washington-traktaten og FN-charteret. Effektive, moderne kapasitetar frå alle NATO-land er avgjerande for å setje Alliansen betre i stand til å gjennomføre heile sitt spekter av oppdrag. Operasjonar i det siste har levande illustrert kor viktig det er å gjennomføre dei kapasitetsforbetringane som vart prioriterte i kapasitetstilsegna frå Praha (PCC). Utviklinga av eit anna Praha-initiativ, NATO-reaksjonsstyrken (NRF), er i rute. På det føreståande møtet mellom forsvarsministrane våre vil dei ta føre seg gjennomføringa av PCC og NRF. Det er òg venta at dei vil vedta nye, effektiviserte kommandoordningar for Alliansen som vil stette dei operative behova ved alle typar allianseoppdrag.
  13. Vi er oppmuntra over framgangen som skjer på andre viktige område som til dømes auka sivil beredskap mot åtak med masseøydeleggingsvåpen mot sivilbefolkningar, og over framstega i arbeidet med å vurdere alternative løysingar til effektivt vern av territorium, styrkar og tettfolka område mot alle rakett-truslar, i form av ein passande kombinasjon av politisk og forsvarsmessig innsats saman med avskrekkingstiltak. Innsatsen på dette området vil vere i tråd med den udelelege alliansetryggleiken.
  14. NATO-støtte til rustingskontroll, nedrusting og ikkjespriing vil framleis spele ei stor rolle i arbeidet med å nå tryggingmåla til Alliansen, som mellom anna går ut på å hindre spreiing og bruk av masseøydeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen. Alliansen strekar under det viktige i å følgje og styrkje eksisterande internasjonale avtalar om rustingskontroll og

nedrusting og det multilaterale kontrollverket for ikkjespriing og eksportkontroll. Særleg strekar vi under at vi går inn for å styrkje Ikkjespreiingsavtalen, den viktigaste ikkjespriings- og nedrustingsmekanismen, og å sikre at alle statar som er partar i avtalen etterlever han. Vi vil òg styrkje den felles innsatsen for å sikre kjernefysisk og radiologisk materiale. Rolla til WMD-senteret innanfor den internasjonale NATO-staben vert styrkt for å hjelpe til i arbeidet som Alliansen gjer for å takle truslane som masseøydeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen representerer.

15. Dei sju demokratia som i Praha vart inviterte til tiltredingssamtalar med Alliansen, er no komne langt på vegen mot å bli medlemmer. Vi gler oss over underteikninga av tiltredingsprotokollane i mars 2003 og framgangen i ratifikasjonsprosessen. Vi gratulerer dei inviterte landa med bidraga dei har ytt til internasjonal tryggleik i solidaritet med Alliansen. Vi gler oss over reformene dei sju landa har fått i stand og over tidsplanane for fullføring av reformer, og oppmuntrar dei til å halde fram med reformarbeidet også etter at dei har tiltredd, for såleis å kunne yte meir for Alliansen. Vi ser fram til å ta opp alle sju landa som medlemmer på toppmøtet i mai 2004.
16. Denne utvidinga blir ikkje den siste. NATO held døra open. Vi rosar Albania, den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia og Kroatia for deira vedvarande reformarbeid og vilje til regionalt samarbeid. For å fremje sine kandidatur må desse landa halde fram med dei omfattande politiske, økonomiske, forsvarsmessige og andre reformene som er utpeika gjennom MAP-prosessen. Vi vil at dei skal lukkast, og vil framleis støtte og hjelpe dei i reformarbeidet. Handlingsplanen for medlemskap (MAP) vil framleis vere middelet til å halde framgangen i kandidatlanda under oppsyn, og vi oppmuntrar kvart kandidatland til å ta sjølvstendig ansvar for reformprosessen og å arbeide energisk vidare med å fullføre dei viktigaste reformene.
17. Partnerskap mellom NATO og land over heile Europa og i dei strategisk viktige regionane Kaukasus og Sentral-Asia har gjort mykje for tryggleiken og stabiliteten i heile det euroatlantiske området. Partnerbidraga på Balkan og i Afghanistan er levande bevis å dette, og vil framleis vere viktige, særleg når NATO tek på seg ei større rolle i ISAF-oppgøret. Med NATO engasjert i nye operasjonar vil det bli endå viktigare å styrkje samvirkeevna i høve til partnerlanda. Vi oppmuntrar partnerane til å samarbeide tett med Alliansen i gjennomføringa av handlingsplanen mot terrorisme.
18. Å realisere målsetjingane som ligg til grunn for den omfattande gjennomgangen av Det euroatlantiske partnerskapsrådet/Partnerskap for fred, er ein nøkkel til den vidare utviklinga av partnerskapen, og vi ser fram til å få rapport om gjennomgangen til hausten. Vi oppmuntrar partnerane til å nytte høvet til å utvikle individuelle handlingsplanar for partnerskap (IPAP) med NATO, og gler oss over at somme partnerland alt har vedteke å gjere bruk av denne nyttige mekanismen. IPAP vil sikre at reforminnsatsen i partnerlanda får mest mogeleg effektiv støtte. Vi vil sikre at arbeidsprogrammet for partnerskapen for 2004 er robust og til støtte for arbeidet til dei partnerane som søker tettare samarbeid med Alliansen.
19. Vi er oppmuntra over den auka innsatsen til Serbia og Montenegro for å få bukt med kriminaliteten, arrestere dei som er tiltala for krigsbrottsverk og kjempe mot politisk ekstremisme, og over at landet på ny har forplikta seg til reformer innan forsvar og militærvesen. Vi gler oss òg over framgangen til Bosnia-Hercegovina i arbeidet med å styrkje forsvarsstrukturane på statsnivå. Vi ventar oss at Serbia og Montenegro og Bosnia-Hercegovina i framtida kjem til å delta i PFP og EAPC så snart det er gjort nødvendige framsteg, mellom anna i form av fullt samarbeid med ICTY.
20. NATO-Russland-rådet (NRC), der NATO-medlemsland og Russland samarbeider som likeverdige partnerar på område av felles interesse, gjer stadig viktige framsteg, så også på eit første møte i Moskva sist månad. Vi har mellom anna utarbeidd detaljerte vurderingar av terroristtrusselen i det euroatlantiske området og hatt framgang i arbeidet med å evaluere spreiingsfarane. Vi sonderer no utsiktene for samarbeid om regionalt rakettforsvar, og legg grunnlaget for framtidig fredstryggingssamarbeid. Vi fører ein brei politisk dialog med Russland, der vi alt har hatt meningsutvekslingar i spørsmål av felles interesse. Vi har innleidd ein vidfemnande dialog om felles utfordringar når det gjeld forsvarsreform. Vi styrkjer samarbeidet innan kontroll og trygging av luftrom og innan sivilberedskapen. For året som kjem har vi lagt vekt på auka fagmilitært samarbeid og er komne fram til ei ramme for samarbeidet om søk og berging til havs, og vi tek sikte på eit omfattande øvings- og treningsprogram. Vi ventar oss vidare framgang også når det gjeld

- tillitsskapande tiltak på det kjernefysiske området og trygg handtering av kjernefysisk og radiologisk materiale.
21. Vi går framleis inn for å utvikle eit nærare forhold mellom NATO og Ukraina i samsvar med charteret om ein særskild partnerskap, og gler oss over framgangen hittil i gjennomføringa av NATO-Ukraina-handlingsplanen og den årlege målplanen for Ukraina, som har skapt nytt innhald og ny framdrift i samarbeidet. Framgangen i Ukraina med å nå reformmåla som er fastsette i handlingsplanen og den årlege målplanen, vil vere avgjerande for tempoet i den vidare integrasjonen med NATO. Vi oppmuntrar Ukraina til å halde fram med alle reformer som er nødvendige for å oppnå full euroatlantisk integrasjon, mellom anna demokratireformer, styrking av våpeneksportkontrollen, reformer i rettsvesenet, tilrettelegging for frie og uavhengige medium og gjennomføring av forsvarsreformer. Vi vil framleis støtte Ukraina i dette arbeidet, særleg på det viktige området forsvarsreform, og vil rådføre oss med landet om politiske, økonomiske, militære og andre saker.
  22. Tryggleiken i den euroatlantiske regionen er nært knytt til tryggleik og stabilitet i Middelhavsområdet. I så måte set vi stor pris på den positive reaksjonen som dialogpartnarane våre i området har vist på NATO-vedtaket om ei vesentleg oppgradering av dei politiske og praktiske dimensjonane ved dialogen. Vi har i dag motteke ein framdriftsrapport som viser spennet i aktivitetar som er sette i gang og framgangen som er oppnådd innanfor dialogen, mellom anna i spørsmål i tilknytning til terrorisme. Innsatsen vår vil forbetre Middelhavsdialogen ytterlegare, og samtidig utfylle og forsterke andre Middelhavs-initiativ som mellom anna Den europeiske unionen og Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa har sett i gang.
  23. Vi forpliktar oss framleis til CFE-avtalen, og stadfester at vi går inn for ei snarleg iverksetjing av den tilpassa avtalen. CFE-systemet er eit fundamentalt bidrag til eit tryggare og meir integrert Europa. Vi gler oss over haldninga til dei ikkje-medlemslanda i CFE som har sagt at dei vil be om få tiltre den tilpassa CFE-avtalen når han trer i kraft. Om desse tiltre, vil det vere eit nytt og viktig bidrag til stabilitet og tryggleik i Europa. Vi registrerer at Russland har lukkast i å redusere styrkane sine til avtafefesta nivå i det området som fell inn under artikkel V i avtalen. Vi oppmodar sterkt til ei snarleg løysing på dei uavklara spørsmåla i tilhøvet mellom Russland og Georgia som er omtala i felleserklæringa frå Istanbul frå 17. november 1999. Vi gler oss over den viktige framgangen Russland har gjort sidan januar i tilbaketrekkinga av styrkar frå Moldova, og ser fram til at alle tilsegner på dette punktet skal vere oppfylte innan utgangen av 2003. Vi vil halde fram med å støtte denne prosessen gjennom OSSE. Vi registrerer framgangen som har vore, og minner om at oppfylting av dei uinnfridde krava til Georgia og Moldova vil leggje tilhøva til rette for at allianselanda og andre partsstatar kan komme vidare i ratifiseringa av den tilpassa CFE-avtalen.
  24. I Praha slutta stats- og regjeringssjefane våre seg til ein tiltakspakke som skal gjere organiseringa av hovudkvartera meir effektiv og verkadsfull. Som ein del av oppfølginga fekk vi i dag overlevert ein handlingsplan for betra kjønnsfordeling og mangfald i den internasjonale NATO-staben. Vi prioriterer denne saka høgt, og ser fram til å få ein framdriftsrapport om gjennomføringa av handlingsplanen på vårt neste møte i desember 2003.
  25. Vi er forplikta til ei brei tryggingsspolitisk tilnærming og til å intensivere innsatsen for å fremje effektivt samarbeid med andre internasjonale eller regionale organisasjonar. NATO er framleis det sentrale konsultasjonsforumet for medlemslanda. Vi vil følgje ein samordna strategi mot kriser som skuldast eit breitt spekter av militære og andre farar og som påverkar tryggleiken i det euroatlantiske området, og vil gjere oss full nytte av partnerskap, samarbeid og dialog.
  26. I møtet med truslane og utfordringane i det 21. hundreåret er eit effektivt transatlantisk samarbeid framleis avgjerande. Med sine nye operasjonar, kapasitetar og medlemsland og med politiske relasjonar i stadig utvikling viser den omdanna Alliansen i dag at Europa og Nord-Amerika er sterke og uthaldande partnarar i arbeidet for felles verdiar, tryggleik og forsvar.
  27. Vi uttrykkjer vår djupe takk til den spanske regjeringa, som har vore vertskap for dette møtet.

Vedlegg 2

## Felles pressemelding frå Generalsekretæren i NATO og formannskapet i EU etter Ministermøte mellom NATO og EU 3. juni 2003

Utanriksministrane i Det nordatlantiske forsvarssambandet og i Den europeiske unionen møttest i Madrid i dag for å gjere opp status for tilhøvet mellom NATO og EU.

Sidan den felles NATO-/EU-erklæringa frå 16. desember 2002 har vi hatt ein framgang utan sidestykke i arbeidet med å utvikle den strategiske partnerskapen som er avtala mellom dei to organisasjonane. Spesielt viktig er at vi i mars vedtok heile det avtalesettet som sikrar EU lett tilgang til felleskapasitetane og fellesressursane i NATO ved EU-leidde operasjonar. Desse «Berlin Pluss»-ordningane er avgjerande for ein effektiv partnerskap, og vil gje rom for å styrkje den europeiske trygging- og forsvarspolitikken.

Berlin Pluss og NATO-/EU-avtalen om informasjonstryggleik, som tillet utveksling av graderte dokument, har saman bana veg for den første operative militære EU-innsatsen. Den 31. mars tok den EU-leidde operasjonen Concordia over etter NATO-operasjonen Allied Harmony. Dette EU-engasjementet, som vart iverksett i samråd med regjeringa i vertslandet og med tilgang til kapasitetane og ressursane i NATO, set Berlin Pluss ut i livet på ein måte som gagnar alle som er opptekne av tryggleik og stabilitet i den vestlege Balkanregionen. NATO og EU har felles mål for framtida til regionen på Vest-Balkan.

Vi ønskjer begge å forebyggje konflikt, konsolidere stabiliteten og hjelpe dei aktuelle landa til å bli meir integrerte i EU- og NATO-strukturane. På denne bakgrunnen diskuterte utanriksministrane i dag ei samordning mellom NATO og EU i arbeidet for fred og stabilitet på Vest-Balkan.

Meir generelt sa utanriksministrane seg på nytt innstilte på å utvikle eit tettare samarbeid mellom dei to organisasjonane i kampen mot terrorismen. NATO og EU har utveksla opplysningar om kva dei gjer for å verne sivilbefolkninga mot terroriståtak med kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske våpen (CBRN), og ser no nærare på korleis det kan samarbeidast på andre konkrete område i kampen mot terrorisme.

For å vere truverdige organisasjonar er både NATO og EU avhengige av effektive og moderne militære kapasitetar. Ved å samarbeide kan vi oppnå det maksimale til beste for alle medlemsland i NATO og EU. Ministrane gledde seg over at kapasitetsgruppa for NATO og EU er etablert og har hatt sitt første møte, og sa seg fast bestemte på å sikre at dei tiltak NATO og EU set i verk for å skaffe seg betre kapasitetar, er samkøyrd og gjensidig forsterkande.

Diskusjonane mellom utanriksministrane i NATO og EU om tryggingsspørsmål i vidare forstand som vart haldne under den uformelle arbeidslunsjen den 3. april 2003, viste at eit samstemt og ope tilhøve mellom NATO og EU er med på å vitalisere dei transatlantiske banda. Ministrane streka i dag under at dei er villige til å vidareutvikle den strategiske partnerskapen som dei to organisasjonane har gjort avtale om, og at dette skal skje på ein måte som sikrar gjensidig innsyn og full respekt for NATO og EU som uavhengige organisasjonar.

**Vedlegg 3****Sluttkommuniké frå møte i Det nordatlantiske rådet ved forsvarsministrane i Brussel 12. juni 2003**

1. Det nordatlantiske rådet møttest i Brussel ved forsvarsministrane i dag for å føre vidare visjonen frå toppmøtet i Praha om ein omdanna Alliansen med tilstrekkelege kapasitetar til å utføre alle sine oppdragstypar. Vi går framleis inn for ei rask gjennomføring av alle vedtaka frå Praha. NATO er grunnlaget for det kollektive forsvaret og det sentrale transatlantiske tryggingss- og drøftingsforumet for allianselanda. Vi var svært nøgde med at kollegane våre frå dei sju landa som er inviterte til å bli med i Alliansen, tok del i alle diskusjonane.
2. Evna til å utføre operasjonar er avgjerande for at Alliansen skal kunne tryggje medlemslanda sett under eitt. NATO har framleis store styrkar utplasserte på Balkan for å støtte freden og stabiliteten der. Sjøstridskrefter frå NATO utfører antiterroriltak i Middelhavet. Alliansen har nettopp stansa utplasseringa av styrkar og kapasitetar for å forsvare Tyrkia mot eventuelle åtak frå Irak. Frå august 2003 vil NATO, i samsvare med det eksisterande FN-mandatet, ta over leiinga av den internasjonale tryggingstyrken i Kabul ved å ta på seg strategisk koordinering, kommando og kontroll, og såleis medverke sterkt til det internasjonale engasjementet for å byggje opp eit fredeleg og demokratisk Afghanistan. NATO har òg sagt ja til oppmodinga frå Polen om å støtte landet i den rolla det tek på seg i stabiliseringa av Irak i sommar.
3. NATO vil framleis spele ei avgjerande rolle i det regionale tryggingssarbeidet ved å vidareføre pågåande operasjonar og PFP-program og ved å samarbeide med EU. NATO-oppdraga i den strategisk viktige Balkan-regionen held fram, og blir tilpassa etter kvart som stabiliteten og tryggingssituasjonen betrar seg. Dei NATO-leidde styrkane på Balkan er og vil vere under omstrukturering, og vil bli reduserte i tal etter kvart som framgangen tillet det. NATO og EU arbeider med å skape ei ramme for auka dialog og samordning av arbeidet for tryggleik og stabilitet på Vest-Balkan. Vi gler oss over at Berlin Pluss-ordningane for første gong er sette ut i livet i form av støtte til EU-operasjonen Concordia i den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia, eit oppdrag som avløyser den vellukka NATO-operasjonen Allied Harmony. Gjennom det auka samarbeidet med EU får vi vist vår vilje til å følgje opp den strategiske partnerskapen som dei to organisasjonane har avtala. Utviklinga av denne partnerskapen mellom NATO og EU er viktig for den framtidige stabiliseringa av Balkan, og planlegginga framover bør ta omsyn til dette. Vi ser fram til den felles krisehandteringsøvinga mellom NATO og EU som skal heldast i november 2003.
4. Vi uttrykkjer vår djupe takk til dei som har gjort eller gjer teneste i NATO-leidde operasjonar, særleg dei som er blitt skadde. Vi uttrykkjer på ny vår djupe medkjensle med familiane til dei som har mist livet. Vi er takksame overfor NATO-partnarane og andre nasjonar for dei viktige bidraga dei har ytt og framleis yter til den felles innsatsen.
5. Styrkane våre må kunne utføre eller støtte operasjonar overalt der Alliansen vedtek det for å sikre fellestryggleiken og fellesforsvaret. Å lukkast med dette er grunnleggjande avhengig av at Alliansen har effektive kapasitetar. Vi har gjeve ei eiga fråsegn om diskusjonane vi har ført og vedtaka vi har gjort i samband med dette. Saman med dei inviterte landa har vi òg gått gjennom og merkt oss framgangen desse gjer i dei forsvarsmessige og militære reformene som er nødvendige og i arbeidet med å førebu seg meir generelt på dei forsvarsmessige aspekta ved medlemskap i Alliansen.
6. Å finne motsvar mot terrorismen er ei kritisk utfordring som dei militære styrkane våre må vere førebudde på. Hendingar i det siste har vist at terrorismen framleis er ein alvorleg trussel mot våre innbyggjarar, styrkar og territorium og mot tryggleiken på internasjonalt plan, og vi er som før fast bestemte på å kjempe mot terrorismen så lenge det trengst. Vi gler oss over framgangen i arbeidet med å styrkje NATO-kapasitetane på dette området. Som forsvarsministrar rosar vi særleg arbeidet som er

gjort for å gjennomføre NATO sitt militære konsept for forsvar mot terrorisme. Det er utvikla eit operasjonskonsept som legg grunnlaget for meir detaljerte planar, prosedyrar og tiltak på dette området. Vi innser likevel at det må gjerast mykje meir, også i form av intensivt samarbeid med partnerane våre.

7. NATO-partnerskapane er eit direkte og uunnverleg bidrag til fred og stabilitet i det euroatlantiske området. Vi legg framleis stor vekt på Det euroatlantiske partnerskapsrådet og Partnerskap for fred og på dei særskilde partnerskapane med Den russiske føderasjonen, Ukraina og landa som er med i Middelhavsdialogen, og går heilt og fullt inn for ei snarleg

gjennomføring av dei aktuelle Praha-vedtaka med sikte på å styrkje og vidareutvikle desse. Dei ulike arbeidsprogramma og gjennomføringsplanane vil vere robuste og framtidsretta og ta omsyn til behova til partnerar som søker tettare samarbeid med Alliansen. Vi forpliktar oss òg til å gjennomføre dei militære og forsvarsrelaterte sidene ved arbeidsprogrammet for NATO-Russland-rådet og til å hjelpe Ukraina med å gjennomføre NATO-Ukraina-handlingsplanen og den årlege målplanen til Ukraina.

8. Vi sluttar heilt og fullt opp om fråsegnene frå utanriksministerkollegane våre i desse og andre saker tidlegare denne månaden.
-



**Vedlegg 4**

## **Sluttkommuniké frå Ministermøte i Forsvarsplanleggingskomiteen og Den kjernefysiske planleggingsgruppa i Brussel 12. juni 2003**

1. Forsvarsplanleggingskomiteen og Den kjernefysiske planleggingsgruppa i Det nordatlantiske forsvarssambandet var samla til ministermøte i Brussel den 12. juni 2003. Kollegaene våre frå dei sju landa som er inviterte til å slutte seg til Alliansen, deltok i diskusjonane i Forsvarsplanleggingskomiteen.
2. Effektive militære styrkar som kan utplasserast overalt der Alliansen bestemmer, er avgjerande for at Alliansen skal kunne nå sine tryggingsmål i vid forstand og oppfylle sin kjernefunksjon, det kollektive forsvaret av medlemslanda. Styrkane våre må ha dei avanserte kapasitetane som trengst for å utføre heile spekteret av oppdrag, også evna til å forflytte seg på kort varsel til eit kriseområde og halde operasjonar gåande over tid. Å sikre desse kapasitetane er hovudfokuset for den kollektive forsvarsplanleggingsprosessen i NATO og for omdanninga av Alliansen, som vi utveksla synspunkt på i dag.
3. Vi godkjenner ei ny ministerrettlegg om å utarbeide ei ramme for forsvarsplanlegginga i NATO og nasjonane fram til og etter 2010. Denne rettlegginga tek omsyn til behovet for å rette opp manglane som vart påviste då vi gjekk gjennom dei nasjonale planane. Vi streka under behovet for å prioritere kvalitet framfor kvantitet når styrkestrukturane våre skal tilpassast, og å samle ressursbruken om styrkar og kapasitetar som lett kan utplasserast. Vi streka òg under behovet for å skaffe tilstrekkelege midlar til desse kapasitetane ved å gå inn for ein realauke i forsvarsutgiftene og å bruke disponible midlar meir effektivt, idet ein minner om at NATO har svært lite behov for styrkar som ikkje kan utplasserast.
4. Vi tok føre oss framgangen i utviklinga av NATO sin reaksjonsstyrke. Vi godkjenner det samla konseptet for styrken, og ser fram til ei vellukka fullføring av det arbeidet som enno står att å gjere. Opprettinga av denne styrken vil vere eit viktig steg for å sikre NATO kapasitet til å gripe inn på kort varsel, og ein katalysator i utviklinga av avanserte kapasitetar. Sidan nasjonane berre har eitt sett styrkar, bør arbeidet med reaksjonsstyrken og tilsvarende arbeid i EU vere gjensidig forsterkande.
5. Vi er òg blitt samde om dei nye og effektiviserte kommandoordningane for NATO. Desse vil gje god kapasitet til å planleggje og utføre operasjonar, leggje til rette for modernisering og auka samvirkeevne mellom dei allierte styrkane og styrkje dei transatlantiske banda. Det blir to kommandoar på strategisk nivå – ein til å leie alle allianseoperasjonar og ein som skal gje rettleiing og oppmuntring i omdanninga av styrkar og andre kapasitetar. Det andre nivået, det operative, blir samansett av to ståande kommandoar for kombinerte styrkar, som kan mønstre eitt landbasert hovudkvarter for fleirnasjonale, kombinerte innsatsstyrkar (CJTF), og eit robust, men meir avgrensa ståande, kombinert hovudkvarter som kan stille kapasitet til eitt sjøbasert CJTF-hovudkvarter. På det tredje nivået – komponentnivået eller det taktiske nivået – vil eit mindre tal kommandoar for kombinerte styrkekomponentar eller fleirnasjonale luftoperasjonssenter (nokre av dei flyttbare) forsyne det andre nivået med fagkunnskap innan dei ulike forsvarsgreinene. Desse nye kommandoordningane byggjer på og tek fullt ut omsyn til kommandokapasitetane innanfor den nye NATO-styrkestrukturen, der alle dei planlagde høgberedskapskorpsa og maritime hovudkvartera no har nådd full operativ kapasitet. I den nye kommandostrukturen for den omdanna Alliansen vil det i tillegg bli oppretta eit NATO-senter for kombinert krigføring, med eit underordna opplæringssenter for kombinerte styrkar og eit felles analyse- og lærdomssenter, og ei rekkje nasjonalt eller fleirnasjonalt støtta elitesenter som vil gje høve til å forbetre opplæringa, styrkje samvirkeevna, teste og utvikle doktrinar og utføre eksperiment for å evaluere nye konsept. Den nye strukturen vil vere meir effektiv, og vil venteleg føre til utgifts- og personellinnsparingar som kan brukast til å rette opp

eksisterande manglar i Alliansen. Rask gjennomføring av den nye kommandostrukturen er avgjerande for å sikre kontinuiteten i kommandoordningane og framdrifta i omdanningsprosessen. Vi gjev difor pålegg om at den nye strukturen må bli iverksett snarast råd, og ber om at dei militære styresmaktene i NATO rapporterer til oss om framdrifta på møtet som vi skal ha i desember.

6. Som ansvarlege for den kollektive forsvarsplanlegginga i Alliansen gjekk vi gjennom styrkeplanane til medlemslanda og dei inviterte landa.
7. Vi merkte oss med glede at de fleste allianselanda held fram med å omstrukturere styrkane sine for å gjere dei mindre, meir fleksible, meir moderne og meir effektive til bruk i heile spekteret av oppdrag som Alliansen kan ta på seg. Gjennomføringa av eksisterande planar, mellom anna i samband med kapasitetstilsegna frå Praha, vil gje viktige forbetringar. Likevel vil manglar framleis gjere seg gjeldande på ei rekkje kritiske kapasitetsområde, særleg når det gjeld talet på fullt uttrykkingsklare einingar og formasjonar med nødvendige støtteiningar som kan operere under forhold der støtta frå vertsnasjonen er heilt eller delvis fråverande. Det krevst difor vidare innsats for å rette på desse manglane, særleg for å få balanse mellom kamp- og støtteiningar.
8. Vi rosar dei inviterte landa for det dei har gjort til no for å tilpasse styrkane sine med sikte på deltaking i alliansestrukturane, og ser fram til å ta opp desse landa som medlemmer neste år. Vi og kollegaene våre frå desse landa innser likevel at mykje meir må gjerast, mellom anna i samband med forsvarsgjennomgangane som nyleg er sette i gang, for å fullføre den omstruktureringa som styrkane må gjennom for å kunne dekkje heile spekteret av allianseoppdrag. Dette er ein langsiktig prosess som vil krevje vedvarande innsats.
9. I Praha peika stats- og regjeringssjefane på kor viktig omdanninga av dei militære kapasitetane våre er. Sidan forsvarsplanleggingsprosessen vil spele ei viktig rolle i dette arbeidet, og er avgjerande for at NATO skal ha evne til å forsvare og tryggje medlemslanda, gav vi Forsvarsgjennomgangskomiteen i oppdrag, på bakgrunn av råd frå militærstyresmaktene i NATO, å sjå nærare på denne prosessen og om nødvendig gjere fleire endringar slik at han betre kan medverke til omdanninga av dei militære kapasitetane i Alliansen. Prosessen må vere fleksibel og omsynsfull og fokusere meir på kapasitetar for heile spekteret av allianseoppdrag. Det bør leggjast meir vekt på nasjonale planleggingssyklusar, og også utviklinga i tilhøvet mellom NATO og EU bør takast med i vurderinga. Den allierte kommandoen for omdanning vil spele ei viktig rolle i denne gjennomgangen og det påfølgjande arbeidet med å utvikle kapasitetane. Vi ser fram til å vurdere framgangen i dette arbeidet på møtet vårt i desember 2003, der vi om nødvendig vil gje fleire rettleiingar, og ventar oss ein sluttrapport med tilrådingar på vårmøtet i 2004.
10. På dette første møtet vi har hatt som kjernefysisk planleggingsgruppe etter Praha-toppmøtet, gjorde vi opp status for kjernevåpenstyrkane i NATO og tok opp spørsmål og aktiviteter i samband med dette. Vi stadefesta prinsippa som ligg til grunn for kjernevåpenstyrkane, og som går fram av det strategiske konseptet for Alliansen. Vi legg framleis stor vekt på dei kjernefysiske styrkane med base i Europa som er underlagde NATO, og som utgjer eit sentralt politisk og militært bindeledd mellom dei europeiske og dei nordamerikanske medlemmene i Alliansen.
11. Vi gledde oss over Moskva-avtalen frå mai 2002 mellom USA og Russland om reduksjonar i talet på strategiske angrepsvåpen, som nyleg tok til å gjelde. Vi var samde om at denne avtalen representerer eit viktig steg på vegen mot å skape gunstigare vilkår for aktiv tryggingssamarbeidsfremjande innsats og for auka internasjonal stabilitet.
12. Alliansen har som mål å auke tryggleiken på globalt plan, og vi vil styrkje utsiktene til å nå dette målet ved framleis å støtte rustingskontroll og ikkjepreiring. På dette punktet sa vi oss uroa over alle brot på kontrollverket for Ikkjespreiingsavtalen, og særleg over fråsegnene som nyleg kom frå Den demokratiske folkerepublikken Korea om at landet hadde trekt seg frå avtalen og at det hadde kjernevåpen. Vi bad Korea innstendig om straks å avvikle alle kjernevåpenprogram på ein slik måte at det kan etterprøvast og ikkje kan gjerast om. Vi ber alle nasjonar arbeide vidare for å stanse spreiringa av kjernefysiske våpen. Vi sa oss som før fast bestemte på å medverke til gjennomføringa av konklusjonane frå tilsynskonferansen for NPT i 2000, og gledde oss over at Cuba og Aust-Timor har tiltredd avtalen.
13. Vi gler oss over invitasjonane til Bulgaria, Estland, Latvia, Litauen, Romania, Slovakia og Slovenia, og ser fram til å møte dei i dette forumet som fullverdige alliansemedlemmer. Vi slutta

- oss til eit fasedelt program for å informere desse landa om kjernevåpenspørsmål i Alliansen, spesielt med sikte på at dei skal kunne delta effektivt i diskusjonar om kjernevåpenpolitikken i Alliansen når dei blir medlemmer. Dersom dei støttar fullt opp om det strategiske konseptet til NATO, også den vesentlege rolla kjernevåpenstyrkane har i den allierte strategien for å tryggje freden og hindre krig og alle former for tvang, vil dei nye medlemslanda styrkje tryggleiken for alle i det euroatlantiske området.
14. Vi var tilfreds over å merkje oss at den samla stridsevna i NATO når det gjeld fly som kan levere både konvensjonelle og kjernefysiske våpen, er ytterlegare justert som følgje av rettleiinga vi gav i juni i fjor og at beredskapskrava
- til desse flya er ytterlegare senka. Vi gler oss over det pågåande arbeidet til høgnivågruppa, der ein framleis diskuterer avskrekkingsbehova i den nye tryggingssituasjonen og gjev råd til ministrane når det trengst.
15. Vi gledde oss over avtalen med Den russiske føderasjonen om ein arbeidsplan for konsultasjonar mellom kjernevåpenekspertar i regi av NATO-Russland-rådet. Vi er samde om at planen på kort sikt bør fokusere på kjernevåpen-tryggleik, men sa òg klårt frå om at dei tillits- og tryggingsskapande tiltaka for kjernevåpen som NATO føreslo i desember 2000, burde takast opp i desse konsultasjonane. Vi ser fram til dei neste praktiske stega mot vidare gjennomføring av denne viktige arbeidsplanen.
-

**Vedlegg 5****Sluttkommuniké frå møte i det nordatlantiske rådet ved forsvarsministrane Brussel 1. desember 2003**

1. Det nordatlantiske rådet møttest ved forsvarsministrane den 1. desember 2003. Saman med forsvarsministrane og representantane for allianselanda møtte kollegaene deira frå landa som er inviterte til å bli medlemmer av Alliansen.
2. Vi står ved eit viktig vegskilje i utviklinga av Alliansen. Vi er engasjerte i nye operasjonar, er i gang med å utvikle større kapasitetar og førebur oss på å ta opp sju nye medlemsland. På bakgrunn av denne vedvarande omdanninga diskuterte vi eit breitt spekter av saker av felles interesse, og konsentrerte oss om pågåande allianseoperasjonar og krisehandteringsspørsmål og framgangen i omdanninga av dei militære kapasitetane i NATO. Vi diskuterte òg kva som må vere gjort på forsvarsområdet før Istanbul-toppmøtet, og gav rettleiing om dette nødvendige arbeidet.
3. Dei militære kapasitetane våre må vere eigna til å svare fort og effektivt, overalt der Alliansen vedtek det, på trygging utfordringar frå alle hald, også dei som terrorismen representerer. Vi gjekk gjennom det verdifulle arbeidet som er gjort med tanke på dette sidan Praha-toppmøtet, og tok særskilt føre oss framgangen i opprettinga av NATO-reaksjonsstyrken, gjennomføringa av den nye kommandostrukturen og oppfylginga av kapasitetstilsegna frå Praha. Alliansen merkte seg særleg den fleirnasjonale NATO-bataljonen til forsvar mot kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske våpen som vart oppretta i dag. Skal vi kunne utføre dei operasjonane vi har teke på oss, er det avgjerande at styrkane våre får større utplasseringsevne og blir meir allsidige. Vi har gjeve ei eiga fråsegn om diskusjonane vi har hatt om desse og andre sider ved den pågåande omdanninga av dei militære kapasitetane.
4. Vi er djupt takksame overfor alle som har teke del i NATO-leidde operasjonar, og uttrykkjer sterk medkjensle med dei pårørande til dei som har mist livet i tenesta. Vi uttrykkjer òg medkjensle med alle offer for terrorismen, som vi fordømmer i alle sine former overalt der han opptrer.
5. I Afghanistan leier Alliansen no den internasjonale tryggingstyrken ISAF under mandat frå FN. Med denne operasjonen har vi vist at vi står parat til å sende styrkar dit Alliansen vedtek det for å sikre vår felles tryggleik. Målet er å vere med på å hjelpe fram ein samla, suveren stat, integrert i verdssamfunnet, mellom anna ved å hjelpe overgangsstyret i Afghanistan med å oppretthalde tryggleik og stabilitet og å gjennomføre valprosessen i samsvar med Bonnprosessen. Vi vedtok at ISAF gradvis skal utvidast ut over Kabul i samsvar med resolusjonar frå Tryggingrådet i FN, mellom anna i form av styrkar i avgrensa omfang som kan utplasserast mellombels for å utføre spesifikke oppgåver, føreset at alle militære vilkår er oppfylte og at behova i samband med Kabuloppdraget er stetta. Vi vil framleis vurdere omfanget av slike spesifikke oppgåver. Vi gler oss over at Tyskland som eit pilotoppdrag har sendt eit PRT-lag (Provincial Reconstruction Team), underlagt ISAF, til Kunduz. Vi reknar med at det vil bli etablert fleire slike PRT-einingar, og meiner at det kan bli aktuelt for ISAF å ta på seg den militære kommandoen over desse når militære behov og kapasitetar tilseier det. For å nå desse måla vil det vere nødvendig å rådføre seg med og hente inn bidrag frå rammenasjonane for PRT, og nødvendige ressursar må stillast til disposisjon, mellom anna ved Kabul internasjonale lufthamn. Styrkane våre vil òg måtte samarbeide nært med FN-hjelpeoppdraget i Afghanistan og andre internasjonale organisasjonar i området, mellom dei EU.
6. Alliansen har på avgjerande vis vore med på å skape fred og stabilitet på Balkan, og vi sluttar framleis fullt opp om desse måla. I lys av den positive utviklinga i Bosnia-Hercegovina vil SFOR bli redusert til ein avskrekkingstyrke på rundt 7 000 mann innan juni neste år. I månadene framover vil vi sondere utsiktene for

- ytterlegare omleggingar av SFOR, og vil mellom anna vurdere å avvike operasjonen innan utgangen av 2004 med påfølgjande overgang til eit nytt NATO-opppdrag for militær kontakt og rådgjeving (NATO-hovudkvarteret i Sarajevo) og eit nytt EU-opppdrag innanfor ramma av Berlin Pluss-ordningane; i samband med dette bør militærstyresmaktene i NATO, i samsvar med avtala tekstar og prosedyrar, drøfte Bosnia-Hercegovina med tilsvarende instansar i EU og halde Militærkomiteen informert om kva som kjem fram.
7. I Kosovo, derimot, er ein stor NATO-styrke framleis nødvendig. KFOR spelar ei sentral rolle når det gjeld å oppretthalde tryggleik og stabilitet. Styrken vil bli omstrukturert, men vil inntil vidare ikkje bli redusert til mindre enn 17 500 mann. NATO og EU har gjort avtale om ein samordna framgangsmåte for Vest-Balkan. I den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia har NATO-støtta til EU-operasjonen Concordia, som NATO har evaluert etter den prosessen som førebels er etablert, til fulle demonstrert at Berlin Pluss-ordningane er effektive. Dette viser kor viktig det er at NATO og EU samarbeider nært med kvarandre på meir generelt grunnlag. Innanfor den avtala ramma for den strategiske partnerskapen mellom NATO og EU vil vi arbeide for å utvikle samarbeidet ytterlegare der det trengst. Partnerane til NATO spelar ei avgjerande rolle i NATO-leidde operasjonar, noko som berre er eitt døme på kor viktige partnerskapane er for tryggleiken i det euroatlantiske området.
  8. Operasjonen Active Endeavour er framleis eit vesentleg og effektivt innslag i kampen mot terrorisme i Middelhavsområdet. Hittil har styrken kontrollert 36 000 fartøy, og har eskortert nær 350 allierte sivile skip trygt forbi Gibraltar.
  9. Alliansen støttar Polen i leiinga av ein fleirnasjonal divisjon i Irak. Det nordatlantiske rådet vil jamleg vurdere NATO-bidraget til stabiliseringsinnsatsen i Irak.
  10. Med sikte på Istanbul-toppmøtet har vi gjeve pålegg om at:
    - NATO-reaksjonsstyrken bør utviklast vidare med sikte på å oppnå ein minste operativ kapasitet snarast råd og seinast i oktober 2004, og full operativ kapasitet seinast i oktober 2006; for at denne kapasiteten skal kunne nyttast effektivt, bør det setjast i verk tiltak for å sikre Alliansen auka evne til etter grundig førearbeid å planleggje og setje i gang operasjonar på kort varsel når Alliansen vedtek å handle;
    - det bør arbeidast vidare med den fleirnasjonale NATO-bataljonen til forsvar mot kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske våpen for å oppnå full operativ kapasitet frå juli 2004, samtidig som NATO-reaksjonsstyrken vert vidareutvikla;
    - gjennomføringa av den nye kommandostrukturen bør halde fram i samsvar med den avtala gjennomføringsplanen, og bør resultere i ein meir effektiv struktur. Vi ser fram til å oppnå ein vesentleg redusert fredstidsorganisasjon med den nye kommandostrukturen;
    - arbeidet med å gjennomføre både dei nasjonale og dei fleirnasjonale sidene ved kapasitetstilsegna frå Praha bør halde fram som hastesak med særleg fokus på utplasseringsevne og uthald og på å rette opp manglar i stridsstøtte og administrativ støtte under strid;
    - arbeidet med å gjere alliansestyrkane meir allsidige og flyttbare, mellom anna utviklinga av resultatmål for begge desse eigenskapane, og med styrkegenereringsprosessen, bør halde fram som ei særleg prioritert sak;
    - rapportar om desse og andre relevante sider ved innsatsen for å omdanne dei militære NATO-kapasitetane bør leggast fram for stats- og regjeringssjefane i Istanbul;
    - det bør arbeidast vidare med å sikre vern av utplasserte NATO-styrkar mot regionale ballistiske rakettar og med å utforske alternativ for å verne Alliansens territorium, styrkar og tettfolka område mot heile spekteret av missiltruclar på ein effektiv måte gjennom ein passende kombinasjon av politisk og forsvarsmessig innsats i tillegg til avskrekking;
    - arbeidet med å styrkje Partnerskap for fred bør halde fram med sikte på å fremje forsvarsreformer og forsvarsomlegging og utviklinga av dei kapasitetane som trengst for å betre samvirkeevna mellom partnerstyrkar og NATO i heile spekteret av oppdrag som partnerane og dei allierte måtte utføre saman;
    - gjennomgangen av NATO-organ som vart vedteken på Praha-toppmøtet, skal vere ferdig i tide til at ein sluttrapport kan leverast til ministrane i desember 2004.
  11. Vi rettar ei varm takk til Lord Robertson of Port Ellen for den leirolla han har hatt i omdan-

ninga av NATO. Vi er trygge på at den nye generalsekretæren, Jaap de Hoop Scheffer, vil vidareføre NATO-omdanninga og byggje vida-

re på dei gode resultata som alt er oppnådde i Alliansen, og vi lovar han vår fulle støtte.

---

**Vedlegg 6**

## **Sluttkommuniké frå Ministermøte i Forsvarsplanleggingskomiteen og Den kjernefysiske planleggingsgruppa i Brussel 1. desember 2003**

1. Forsvarsplanleggingskomiteen og Den kjernefysiske planleggingsgruppa var samla til ministermøte den 1. desember 2003. Kollegaene våre frå dei sju landa som er inviterte til å bli medlemmer av Alliansen, tok del i diskusjonane i Forsvarsplanleggingskomiteen.
2. NATO-styrkar er tungt engasjerte i operasjonar for å sikre tryggleik og stabilitet i mange ulike militærgeografiske område. Krava som blir stilt til styrkane som deltek, også styrkane frå landa som er inviterte til å bli medlemmer av Alliansen, kan ikkje ventast å bli mindre, og vi må sikre at dei er best mogeleg skikka til dei oppgåvene dei vil bli sette til. Difor legg vi så stor vekt på omdanninga av dei militære kapasitetane til Alliansen og på å sikre kvalitet framfor kvantitet, og er fast bestemte på å rette opp manglar på fleire kritiske kapasitetsområde. Styrkane våre må ha tilstrekkelege mannskap med nødvendige kapasitetar til å kunne utføre og vidareføre avtala oppdrag der det er bruk for dei.
3. Vi har merkt oss det pågåande arbeidet med å fastslå korleis forsvarsplanleggingsprosessane i NATO best kan tene til å gjere styrkane våre meir allsidige ved å utvikle og oppretthalde styrkestrukturar som gjev auka reell utplasseringsevne og operativ evne. Fleirnasjonalt samarbeid der tilhøva ligg til rette for det, er ein velprøvd metode for å oppnå kostnadseffektive måtar å støtte styrkebehova til NATO på. Men det trengst òg andre framgangsmåtar. Vi ser fram til at vi i tide til å kunne gjere vedtak på Istanbul-toppmøtet skal få høve til å vurdere konkrete forslag til korleis alliansestyrkane kan gjerast utplasseringsdyktige og allsidige nok gjennom etablering av utfordrande, men realistiske resultatmål. Dette arbeidet vil ta omsyn til ei rekkje tilknytte faktorar, mellom anna passande og breiare nasjonale bidrag til tryggleiken; kvaliteten på styrkane, særleg habiliteringsressursar; utvikling av resultatindikatorar for evne til utplassering og allsidig innsats; eventuelt utvikling av «reinvesteringsmål».
4. Desse initiativa vil vere viktige element i den omfattande gjennomgangen av forsvarsplanleggingsprosessen som vi bad om på siste møtet vårt. Vi streka under det viktige i å sikre at prosessen vert meir fleksibel, lydhøyr og resultatorientert, at han i aukande grad fokuserer på kapasitetane som NATO treng for å møte den nye tryggingssituasjonen og omfattar ein stegvis framgangsmåte for å rette opp manglane i Alliansen, med fokus på prioriterte nøkkelområde. Måla som er fastsette i forsvarsplanleggingsprosessen og evalueringane som er gjorde av gjennomføringa av desse, er avgjerande for regjeringane våre når dei skal vurde på kva måtar dei væpna styrkane våre bør og kan medverke til tryggleik og stabilitet. Behova og vurderingane våre på dette kritiske området må vere klart formulerte og lett forståelege for eit breitt publikum. Vesentlege element i desse behova kan difor bli offentleggjorde i framtida, eventuelt med tilslutnad frå stats- og regjeringssjefane. Vi ser fram til at ein grundig gjennomgang av forsvarsplanlegginga skal bli avslutta på Istanbul-toppmøtet i juni neste år.
5. Forsvarsplanleggingsprosessane i NATO og dei relevante EU-prosessane må resultere i ei samkøyrd og gjensidig forsterkande kapasitetsutvikling, ikkje minst til støtte for maksimal kostnadseffektivitet i forsvarsutgiftene våre. I denne samanhengen må vi energisk halde fram med å gjennomføre dei sidene ved Berlin Pluss-ordningane som er relevante for forsvarsplanlegginga.
6. Vi ser med stor glede på framgangen til NATO-reaksjonsstyrken, mellom anna den vellukka etableringa av dei første rotasjonane og den vellukka fullføringa av øvinga som nyleg vart halden i Tyrkia. NRF vil bli ein utprega kvalitetsstyrke og ein katalysator for omdanninga av alliansekapasitetane. Forsvarsplanleggingsarbeidet i tilknytning til styrken må fullførast for å gjere NRF endå meir effektiv.
7. Vi tok òg føre oss framgangen i gjennomføringa av den nye integrerte kommandostrukturen.

Dei to nye strategiske kommandoane, for operasjonar og for omdanning, er allereie oppretta til liks med nokre av dei underordna hovudkvartera, og arbeidet med sikte på å ha alle hovudkvarter operative innan juni 2006 er i rute. Denne nye strukturen vil gje dei robuste kapasitetane som trengst for å planleggje og gjennomføre operasjonar, lette omdanninga av dei militære kapasitetane i Alliansen, bevare og styrkje dei transatlantiske banda og sikre vesentlege innsparingar slik at ressursar kan om-dirigerast til sektorar som i dag har utilstrekkeleg kapasitet.

8. På møtet vårt i Den kjernefysiske planleggingsgruppa gjekk vi gjennom status for dei kjernefysiske NATO-styrkane og arbeidet til Høgnivågruppa. Det har lenge vore eit mål for Alliansen å auke tryggleiken og stabiliteten med det lågaste styrkenivået som er tilstrekkeleg til å ta hand om fellesforsvaret og heile spekteret av allianseoppdrag. I tråd med dette målet held vi fram med å vurdere avskrekkingsbehova i det 21. hundreåret. Vi stadfesta prinsippa som ligg til grunn for tryggingsmålsetjingane til NATO slik det går fram av det strategiske konseptet for Alliansen.
9. Dei kjernefysiske styrkane med base i Europa som står til disposisjon for NATO, utgjer framleis eit vesentleg politisk og militært bindeledd mellom dei europeiske og nordamerikanske medlemmene av Alliansen. Dei vert haldne på

det beredskapsnivå som den rådande tryggingssituasjonen tilseier. Vi merkte oss med glede at dei uavhengige kjernevåpenstyrkane til Storbritannia framleis medverkar til avskrekkingsevna og den samla tryggingssituasjonen for allianselanda, og stadfesta verdien av denne kapasiteten.

10. Vi diskuterte dei aukande farane ved spreinga av kjernefysiske våpen, og uttrykte vår djupe uro over dei tilfella av brot på avtalen om ikkje-spreiing av kjernefysiske våpen (NPT) som har skjedd i det siste, og som kan ha negative konsekvensar for stabiliteten og tryggleiken på regionalt nivå. Vi stadfesta at vi går heilt og fullt inn for NPT og målet om at avtalen må etterlevast av alle. Vi ser på NPT som hjørnesteinen i det globale kjernefysiske ikkjespreiingsregimet, og sa oss på nytt forplikta til å oppfylle alle tilsegner i avtalen. Vi oppmodar sterkt om at alle nasjonar samarbeider om å stanse spreinga av kjernefysiske våpen.
11. Vi stadfesta at det er viktig å få i stand reelle og produktive meningsutvekslingar mellom kjernevåpenekspertar i regi av NATO-Russland-rådet med sikte på å vinne auka gjensidig forståing og tillit og dermed auka tryggleik. Vi er oppmuntra over framgangen som er oppnådd i desse konsultasjonane, særleg utsiktene til ein serie feltdemonstrasjonar i ulike spørsmål som gjeld sikring av kjernevåpen.



**Vedlegg 7****Sluttkommuniké frå Ministermøte i Det nordatlantiske rådet i Brussel 4. desember 2003**

1. Idet vi møtest i dag, arbeider NATO for å tryggje freden gjennom sine operasjonar, spreier stabilitet gjennom partnarskap med andre og forsterkar verdifelleskapen med den mest omfattande utvidinga av NATO nokon gong. Atlanterhavsalliansen er no som før grunnlaget for fellesforsvaret og det sentrale transatlantiske tryggingsforumet. Vi har i dag gjort opp status for den pågåande omdanninga av NATO, der siktemålet er å stå klar til å møte dei truslar og tryggingsutfordringar frå alle hald som befolkningane, territoria og styrkane våre står overfor i det 21. hundreåret, og har peika ut arbeid som må gjerast før toppmøtet i Istanbul i juni neste år.
2. Vi ser fram til å ta opp sju nye medlemsland i Alliansen før Istanbul-toppmøtet, noko som vil gjere det euroatlantiske området tryggare å leve i for alle. Vi gler oss over at kollegaene våre frå desse landa, som sluttar seg til dette kommunikeet, har vore med oss i dag. Dei nye medlemslanda vil formelt tiltre Alliansen så snart ratifikasjonsprosessen er ferdig. Vi gler oss over den vesentlege innsatsen dei inviterte landa allereie gjer for tryggleiken, og over framgangen dei har hatt i reformarbeidet sitt, og oppmuntrar dei til å halde fram på denne veggen.
3. Vi avviser og fordømmer kategorisk alle former for terrorisme. Vi gjev uttrykk for djup medkjensle med alle offer for terrorisme og for vår urokkelege solidaritet med dei allianselanda som er råka. NATO er fast bestemt på å bruke alle tilgjengelege middel og å samarbeide fullt ut med andre internasjonale organisasjonar og med eigne partnarar om å slå ned dette vondet. Vi gler oss over framgangen i gjennomføringa av tiltakspakken frå Praha-toppmøtet, som skal gje NATO betre kapasitet til å svare på terrorisme, og over den permanente etterretningseininga mot terroristtruslar som nyleg er oppretta. NATO-operasjonen Active Endeavour, der vi samarbeider med Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen, er framleis eit viktig innslag i kampen mot terrorisme i Middelhavet, og operasjonen har vore med på å tryggje området gjennom antiterrorovervaking til sjøs, bordingsoperasjonar i det austlege Middelhavet og eskorte av utpeika allierte skip gjennom Gibraltar-stretet.
4. I Afghanistan leier Alliansen no den internasjonale tryggingsstyrken (ISAF) under FN-mandat. Denne operasjonen demonstrerer at vi står parat til verne om den felles tryggleiken ved å sende styrkar dit Alliansen vedtek. Målet er å hjelpe fram ein samla og suveren stat som er integrert i verdssamfunnet, mellom anna ved å hjelpe overgangsstyret i Afghanistan med å oppretthalde tryggleik og stabilitet og med å gjennomføre valprosessen i samsvar med Bonn-prosessen. Vi vedtok at ISAF gradvis skal utvidast ut over Kabul i samsvar med resolusjonar frå Tryggingsrådet i FN, mellom anna i form av styrkar i avgrensa omfang som kan utplasserast mellombels for å utføre spesifikke oppgåver, føresett at alle militære vilkår er oppfylte og at behova i samband med Kabul-opdraget er stetta. Vi vil framleis vurdere omfanget av slike spesifikke oppgåver. Vi gler oss over at Tyskland som eit pilotoppdrag har sendt eit PRT-lag (Provincial Reconstruction Team), underlagt ISAF, til Kunduz. Vi reknar med at det vil bli etablert fleire slike PRT-einingar, og meiner at det kan bli aktuelt for ISAF å ta på seg den militære kommandoen over desse når militære behov og kapasitetar tilseier det. For å nå desse måla vil det vere nødvendig å rådføre seg med rammenasjonane for PRT og å hente inn bidrag derfrå, og nødvendige ressursar må stillast til disposisjon, mellom anna ved Kabul internasjonale lufthamn. Vi vil stadig vurdere korleis NATO skal medverke til stabiliseringsarbeidet i Afghanistan. Det er nødvendig å sikre tett samordning og samarbeid mellom ISAF og operasjon Enduring Freedom, og også med den afghanske nasjonalhæren. Styrkane våre vil også måtte arbeide nært saman med FN-hjelpstyrken til Afghanistan og andre internasjonale organisasjonar.

- sjonar i området, mellom dei Den europeiske unionen.
5. Vi gjev Det faste rådet i oppdrag å utarbeide ein fullstendig strategi for NATO-engasjementet i Afghanistan i tide til Istanbul-toppmøtet, i nært samråd med andre internasjonale organisasjonar og det afghanske overgangsstyret. Vi gler oss over at Hikmet Çetin frå Tyrkia er utnemnd til stillinga som sivil seniorrepresentant for NATO i Afghanistan.
  6. Alliansen støttar den polske leiinga av ein fleirnasjonal divisjon i Irak. Det nordatlantiske rådet vil jamleg vurdere NATO-bidraget til stabiliseringsinnsatsen. Vi gler oss over vedtakinga av tryggingrådsresolusjon 1511 om Irak, og forpliktar oss til full gjennomføring av denne for å gjenopprette stabile og trygge tilhøve i landet og føre styringsansvar og styringsmakt tilbake til folket i Irak. Vi gler oss difor over avtalen om den politiske prosessen som vart underteikna i Bagdad den 15. november 2003. Fred, stabilitet og gjenreising i Irak har framleis høg prioritet.
  7. Tryggingssituasjonen i den strategisk viktige Balkan-regionen er stabil, men utsett. Vi stadfester vår støtte til territorial integritet og suverenitet for alle land på Balkan. Vi ønskjer oss varig stabilitet og fred i regionen.
  8. Oppdraga på Balkan er framleis i utvikling. Den betra tryggingssituasjonen i Bosnia-Hercegovina vil gje rom for ytterlegare reduksjonar i SFOR innan neste vår. I månadene framover vil allianselanda vurdere ulike alternativ for SFOR når det gjeld framtidig struktur og omfang, og vil mellom anna vurdere avvikling av operasjonen innan utgangen av 2004, overføring til eit nytt EU-oppdrag innanfor ramma av Berlin Pluss-ordningane og til eit nytt NATO-hovudkvarter i Sarajevo. Vi gjev Det faste rådet og militærstyresmaktene i NATO i oppdrag å drøfte Bosnia-Hercegovina med tilsvarende instansar i EU, i samsvar med avtala tekstar og prosedyrar og innanfor ramma av Berlin Pluss. Vi vil i aktuelle tilfelle rådføre oss med alle andre involverte partar, også styresmaktene i Bosnia-Hercegovina.
  9. I Kosovo er KFOR-nærværet framleis avgjerande. Vi gler oss over framlegget frå kontaktgruppa om å fastsetje ein dato for å vurdere framgangen i Kosovo når det gjeld å oppfylle internasjonalt vedtekne normer. Vidare framgang i retning av ein prosess for å bestemme den framtidige statusen til Kosovo, i samsvar med FN-resolusjon 1244, vil vere avhengig av utfallet av denne vurderinga. Vi oppmuntrar alle partar til å arbeide konstruktivt for å oppfylle dei avtala normene og å støtte det arbeidet Harri Holkeri gjer som spesialrepresentant for Generalsekretæren i FN. Direkte dialog mellom Beograd og Pristina om praktiske spørsmål av gjensidig interesse er framleis eit avgjerande kriterium og eit uomgjengeleg element i den «normer før status»-politikken som verdssamfunnet legg til grunn; vi oppmodar Beograd og Pristina til å samtale vidare i god tru.
  10. Vi står fast på at vi vil hjelpe landa på Balkan til å bli fullt integrerte i dei euroatlantiske strukturane. Vi oppmuntrar til regionalt samarbeid mellom dei balkanske landa. Vi forventar at dei tek hand om og gjennomfører presserande reformer. Dei må oppfylle alle internasjonale tilsegner, mellom anna om å samarbeide fullt ut med Den internasjonale forbrytardomstolen for Det tidlegare Jugoslavia (ICTY) når det særleg gjeld å stille for retten alle som er tiltala av domstolen, først og fremst Radovan Karadzic og Ratko Mladic men òg Ante Gotovina, slik resolusjon 1503 frå Tryggingrådet i FN krev.
  11. Vi oppmodar regjeringa og alle politiske aktørar i den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia til å arbeide vidare mot full gjennomføring av Ohrid-avtalen. NATO-støtta til EU-operasjonen Concordia demonstrerte på ein vellukka måte kor effektive Berlin Pluss-ordningane er. NATO har gjort ei førebels evaluering av erfaringane, og vi vil utføre ei liknande evaluering saman med EU.
  12. Vi oppmodar Albania, Kroatia og den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia til å arbeide vidare med dei reformene som er nødvendige for å fremje deira kandidatur til NATO-medlemskap. Vi vil at dei skal lukkast, og vil framleis støtte reformarbeidet deira gjennom MAP-prosessen. Vi stadfester at den pågåande utvidingsrunda ikkje vil bli den siste, og at døra til NATO står open.
  13. Vi registrerer framgangen som Bosnia-Hercegovina og Serbia og Montenegro har hatt i arbeidet med å bli deltakarar i Partnerskap for fred (PFP); vi gler oss over reell framgang i forsvarsreformene og vil halde fram med å hjelpe begge landa til å oppfylle fastsette NATO-vilkår for PFP-medlemskap. Vi ser fram til å ta dei opp i PFP så snart dei har oppfylt dei vilkåra Alliansen set, mellom anna om fullt samarbeid med ICTY når det særleg gjeld å arrestere og utlevere til domstolen alle som er tiltala for krigsbrottsverk. Vi oppmodar begge landa til å sjå føre seg Istanbul-toppmøtet som ein realis-

- tisk frist for å innfri dei uoppfylte vilkåra. Vi vil vurdere kor langt dei to landa er komne på vegen mot eventuell tiltreding til PFP før Istanbul-toppmøtet.
14. Vi gjev Det faste rådet i oppgåve å vurdere og utvikle dei politiske og operative sidene ved NATO-strategien for Balkan innan Istanbul-toppmøtet.
  15. NATO og Den europeiske unionen har felles strategiske interesser, og vi går sterkt inn for å betre samarbeidet oss imellom. Sidan siste møtet vårt har samarbeidet mellom NATO og EU hatt konkret framgang, og utviklar seg på ein konstruktiv måte. Vi avtala ei samordna tilnærming til Vest-Balkan. Vi ser fram til vidare konkret samarbeid med EU, mellom anna gjennom Berlin Pluss-ordningane. Ei felles krisehandteringsøving mellom NATO og EU vart gjennomført med hell i november. Samrådet og samarbeidet mellom NATO og EU i spørsmål av felles interesse knytte til tryggleik, forsvar og krisehandtering, til dømes kamp mot terrorisme, gjensidig forsterkande kapasitetar og sivil beredskapsplanlegging, vart trappa opp og vil bli utvikla vidare. Vi har gjeve Det faste rådet i oppgåve å vurdere korleis den strategiske partnerskapen mellom NATO og EU kan forsterkast innan Istanbul-toppmøtet, slik dei to organisasjonane er samde om, mellom anna gjennom opne og effektive konsultasjonar med EU der organisasjonane respekterer kvarandre som sjølvstendige partar. NATO og EU vil òg kunne støtte eit seminar om terrorisme.
  16. NATO-partnerskapsordningane, som gjer så mykje for tryggleiken og stabiliteten i heile det euroatlantiske området, vert stadig viktigare og meir verdifulle. Partnerskap for Fred har på ti år utvikla seg til å bli ein svært effektiv reiskap for samarbeid på område som fredsstøtteoperasjonar og kamp mot terrorisme. Istanbul-toppmøtet bør byggje vidare på framgangen frå Praha med sikte på å endre fokus for PFP i pakt med utvidinga og dei nye truslane som Alliansen no konsentrerer seg om. Vi har difor pålagt Det faste rådet å utarbeide forslag til korleis PFP kan tilpassast for å bli betre eigna til å ta hand om tematiske hovudspørsmål og behova og kapasitetane til individuelle partnarar, leggje til rette for forsvarsreformer som oppmuntrar til militær omdanning og auka samvirkeevne og å fremje regionalt samarbeid og gjensidig støtte. I samband med dette vil rådet vurdere om og korleis utvalde partnerskapsaktivitetar i enkelttilfelle kan opnast for andre land som måtte vere interesserte i å delta. Desse nye tiltaka bør gje rom for meir fokusert og djuptgåande praktisk samarbeid. Vi er samde om å fokusere særskilt på dei strategisk viktige regionane Kaukasus og Sentral-Asia.
  17. Tryggleiken i det euroatlantiske området heng nøye saman med tryggleik og stabilitet i Middelhavsområdet. Vi ønskjer vidare framgang i tillegg til den som er oppnådd etter Praha-toppmøtet når det gjeld å oppgradere Middelhavsdialogen. Vi gjev Det faste rådet i oppdrag å vurdere korleis dette tilhøvet kan forbetrast ytterlegare, ved at det innan toppmøtet i Istanbul, i samråd med alle deltakarane i Middelhavsdialogen, blir utarbeidd alternativ for utvikling av ei vidare og meir ambisiøs ramme for Middelhavsdialogen. Dette initiativet vil gjere samarbeidet meir handgripeleg på ei rekkje område som til dømes forsvarsreform og samvirkeevne, mellom anna gjennom PFP-liknande instrument, og vil gje større rom for at deltakarane i Middelhavsdialogen kan ta del i enkeltstående partnerskapsaktivitetar. Innsatsen frå vår side vil utfylle og forsterke andre initiativ som mellom andre Den europeiske unionen og Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) har lansert i Middelhavsområdet.
  18. NATO-Russland-rådet, der NATO-medlemslanda og Russland samarbeider som likeverdige partnarar på område av felles interesse, yter framleis verdifulle bidrag til tryggleiken i heile det euroatlantiske området. Den politiske dialogen har utvikla seg på fleire viktige område, mellom anna når det gjeld Afghanistan og Balkan. Det praktiske samarbeidet har nådd eit nytt nivå, mellom anna innan fagmilitære prosjekt, og ved å fokusere på auka samvirkeevne har vi lagt grunnlaget for framtidig militært samarbeid, potensielt i form av felles fredsbevarande operasjonar. Vi gler oss over framgangen som er oppnådd når det gjeld tillitsskapande tiltak på området kjernevåpen og trygg handtering av kjernefysisk og radiologisk materiale. Vi ser fram til å få godkjent eit ambisiøst arbeidsprogram for 2004. Vi er forplikta til å byggje vidare på denne framgangen og å styrkje tilhøvet mellom NATO og Russland ytterlegare.
  19. Vi er framleis forplikta til å få i stand eit nærare tilhøve mellom NATO og Ukraina i samsvar med charteret om ein særskild partnerskap, og gler oss over framgangen siste året i gjennomføringa av NATO-Ukraina-handlingsplanen og Ukrainas årlege målplan for 2003. Vi ser fram til den konkrete gjennomføringa av den årlege

målplanen i 2004 med avvikling av frie val på president, forbedringar i mediefridomen, forsterka kontroll med våpeneksporten og framgang i og finansiering av forsvarsgjennomgangen. Vi oppmodar Ukraina til å arbeide vidare med alle reformer som er nødvendige for at landet skal kunne bli fullt integrert i dei euroatlantiske strukturane, og vil aktivt vurdere alle moglege alternativ for å støtte Ukraina i dette arbeidet.

20. Vi følgjer nøye med på utviklinga i Georgia. Vi ber dei georgiske styresmaktene halde frie val i januar neste år som planlagt. Vi går inn for sjølvstende, suverenitet og territorial integritet for Georgia. Alliansen er framleis forplikta til å utvikle ein partnerskap med Georgia gjennom å nytte heile spekteret av partnerskapsinstrument.
21. Den delen av alliansepolitikken som går ut på å støtte rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreiing, vil framleis spele ei viktig rolle for å nå tryggingsmålsetjingane til Alliansen, som mellom anna er å hindre spreiding og bruk av masseødeleggingsvåpen (WMD) og leveringsmiddel for slike våpen. Vi strekar under det viktige i at eksisterande internasjonale rustingskontroll- og nedrustingsavtalar og multilaterale ikkjepreings- og eksportkontrollsystem vert etterlevde, fullt ut gjennomførte og ytterlegare forsterka. Ei snarleg innlemming av alle inviterte land i alle aktuelle eksisterande ikkjepreingsystem vil kunne spele ei positiv rolle i så måte. Særskilt strekar vi under at vi er forplikta til å forsterke ikkjepreingsavtalen, den fremste ikkjepreings- og nedrustingsmekanismen, og til å sikre at alle statane som er partar i avtalen fullt ut etterlever han. Vi vil òg styrkje fellesinnsatsen for å sikre kjernefysisk og radiologisk materiale.
22. Alliansen støttar Initiativet for Spreiingstryggleik (PSI), som har som mål å etablere ein meir samordna og effektiv basis for å hindre og stanse leveransar av masseødeleggingsvåpen, leveringssystem og tilknytt materiale som blir transportert til og frå statar og ikkje-statlege aktørar og som gjev grunn til frykt for spreingsfare, i tråd med nasjonale lovverk og relevante internasjonale regelverk og instansar som til dømes Tryggingrådet i FN.
23. Vi står fast på å sikre vernet av sivilbefolkninga. Vi gler oss over framgangen i gjennomføringa av Handlingsplanen for sivil beredskapsplanlegging, som tek sikte på å forbetre den sivile beredskapen mot eventuelle terroristangrep på sivilbefolkninga med kjemiske, biologiske og radiologiske stoff. Vi ser fram til full gjennomføring av planen for å forsterke den nasjonale beredskapen og evna til å reagere på sivile naudsituasjonar.
24. Som vi alltid har sagt, støttar vi fullt opp om CFE-avtalen som ein hjørnestein i det europeiske tryggingssystemet, og stadfester at vi går inn for ei snarleg iverksetjing av den tilpassa avtalen. Vi minner om at oppfyljing av dei resterande tilsegnene frå Istanbul når det gjeld Georgia og Moldova vil skape grunnlag for at allianselanda og andre partar kan komme vidare i ratifikasjonen av den tilpassa CFE-avtalen. Vi gler oss over innstillinga til ikkje-CFE-landa som har sagt at dei aktar å be om å få tiltre den tilpassa CFE-avtalen når han trer i kraft. Når desse landa tiltre, vil det vere eit viktig tilskot til tryggleiken og stabiliteten i Europa.
25. Vi appellerer til Georgia og Russland om å løyse alle uavklara spørsmål seg imellom, slik det er nemnt i felleserklæringa deira frå Istanbul av 17. november 1999, og ber om at partane tek opp att forhandlingane på eit passeleg høgt nivå. Vi merkjer oss framgangen i første halvdel av 2003 når det gjeld tilbaketrekking av russiske militærstyrkar frå Moldova. Vi seier oss leie for at denne framgangen har stansa opp og at den utvida fristen den 31. desember 2003 som vart avtala i samarbeid med OSSE, ikkje vil bli innfridd. Det er avgjerande at innsatsen blir intensivert slik at tilbaketrekkinga kan fullførast tidleg i 2004. Vi vil framleis hjelpe til i denne prosessen gjennom OSSE.
26. På grunnlag av prinsippa som for alltid er nedfelte i Washington-traktaten, viser NATO i dag at vi er forplikta til multilateralisme gjennom effektiv handling og felles engasjement for dei transatlantiske banda, for dei grunnleggjande tryggingsoppgåvene til NATO, medrekna fellesforsvaret, for dei demokratiske verdiane vi har felles og for FN-charteret. Som eit ledd i førebuingane til Istanbul-toppmøtet inviterer vi Det faste rådet til å intensivere konsultasjonane om utfordringane og truslane Alliansen står overfor, og korleis vi best kan svare på desse.
27. Vi legg framleis stor vekt på å gjennomføre tiltak for å styrkje effektiviteten i organiseringa av NATO-hovudkvartera, mellom anna gjennom moderne styrings- og økonomisystem, sunn og oversiktleg leiing av dei nye hovudkvarterprosjekta og forbedringar i kjønnsfordelinga og mangfaldet i den internasjonale staben i Alliansen.

28. Vi takkar Lord Robertson of Port Ellen varmt for den leiarrolla han har hatt i omdanninga av NATO. Vi er trygge på at den nye generalsekretæren, Jaap de Hoop Scheffer, vil halde fram

med å utvikle NATO og byggje vidare på dei resultata Alliansen har oppnådd, og vi lovar han vår fulle støtte.

---

**Vedlegg 8****Felles pressemelding frå generalsekretæren i NATO og formannskapet i EU etter Ministermøte NATO-EU 4. desember 2003**

Utanriksministrane i Det nordatlantiske forsvarssambandet og Den europeiske unionen møttest i Brussel i dag for å gjere opp status for det utvida tilhøvet mellom NATO og EU.

Sidan det siste møtet vårt som vart halde i Madrid 3. juni 2003, har vi gjort vidare framgang i å utvikle den strategiske partnerskapen mellom dei to organisasjonane. Inngåinga av Berlin Pluss-ordningane, som gjev EU tilgang til dei kollektive kapasitetane og ressursane i NATO, gjorde at den EU-leidde operasjonen Concordia kunne setjast i verk 31. mars. I september gav NATO si støtte til denne operasjonen, som skal avsluttast 15. desember 2003. Etter at operasjonen er avslutta og kapasitetane og ressursane til NATO er tilbakeførte, vil vi samanlikne erfaringar og utveksle synspunkt på denne første operasjonen i pakt med Berlin Pluss.

Vi er fast bestemte på å byggje vidare på det vellukka samarbeidet på Vest-Balkan. Vi har ein felles framtdisvisjon for dei aktuelle landa: uavhengig stabilitet basert på demokratiske og effektive styringsstrukturar og ein framtdisretta, fri marknadsøkonomi som gjer vidare tilnærming til europeiske og euroatlantiske strukturar mogeleg. Rammeavtalen for ein utvida dialog mellom NATO og EU og ei samordna tilnærming til tryggleik og stabilitet på Vest-Balkan, som dei to organisasjonane underteikna den 25. juli 2003, fungerer som grunnlag for fellesinnsatsen vår. Vi ser fram til konsultasjonar om Bosnia-Hercegovina. Som eit første steg vil dei NATO-allierte ta føre seg ulike alternativ for den framtidige storleiken og strukturen på SFOR, og vil mellom anna vurdere ei mogeleg avvikling av SFOR innan utgangen av 2004, eventuelt med overføring til eit nytt EU-oppdrag innanfor ramma av Berlin Pluss-ordningane og til eit nytt NATO-hovudkvarter i Sarajevo.

Vi har med hell gjennomført vår første felles krisehandteringsøving, CME/CMX 03, som vart

halden frå 19. til 25. november 2003. Denne øvinga var basert på dei ståande avtalane våre om konsultasjon og samarbeid i krisetider og andre relevante element frå Berlin Pluss-ordningane, og det var lagt vekt på korleis EU på det strategiske politisk-militære nivået planlegg med sikte på ein påtenkt EU-leidd operasjon med tilgang til ressursane og kapasitetane til NATO i tilfelle NATO som heilskap ikkje blir engasjert.

Vi står samla om å fordømme opptrappinga av terroriståtak mot våre land. Vi diskuterte kampen mot terrorisme under møtet i dag og var samde om å utvikle tettare samarbeid på dette området, først i form av eit seminar om terrorisme som vil bli støtta av både NATO og EU. Vi vil òg undersøkje korleis vi kan betre samordninga av tiltak mot spreieing av masseødeleggingsvåpen.

Utvikling av effektive militære kapasitetar er ei prioritert oppgåve både for NATO og EU. Å sikre konsekvens, innsyn og gjensidig forsterking i utarbeidinga av kapasitetskrav til dei to organisasjonane er hovudmålsetjinga til den felles kapasitetsgruppa for NATO og EU. Denne gruppa har i det siste diskutert korleis ein kan sikre samsvar mellom pågåande aktivitetar etter den europeiske kapasitetshandlingsplanen (ECAP) og kapasitetstilsegna frå Praha (PCC) og korleis NATO-reaksjonsstyrken og hurtigreaksjonselementa til EU kan forsterke kvarandre, i full respekt for autonomien til både EU og NATO.

NATO og Den europeiske unionen har felles strategiske interesser. Ved å samarbeide mot felles strategiske mål vil dei to institusjonane auke tryggleiken og stabiliteten i Europa og andre stader. I den nye strategiske situasjonen i det 21. hundreåret er eit tettare og meir tillitsfullt tilhøve mellom NATO og EU like viktig som alltid.



